Kunnskapsdepartementet

Førebels tildelingsbrev

# Orientering om forslag til statsbudsjettet 2020 for universitet og høgskolar

Mål for universitet og høgskolar, budsjett og endringar i løyving og finansieringssystemet.

# Orientering om forslag til statsbudsjettet 2020 for universitet og høgskular

Mål for universitet og høgskular, budsjettforslag og finansieringssystemet

**Forkorting av institusjonsnamn**

| Institusjon | Forkorting |
|---|---|
| Ansgar Teologiske Høgskole | ATH |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | AHO |
| Barratt Due musikkinstitutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter | BD |
| Bergen Arkitekthøgskole | BAS |
| MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn | MF |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning | DMMH |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | FIH |
| Handelshøyskolen BI | BI |
| Høgskolen i Innlandet | HINN |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | HiM |
| Høgskolen i Østfold | HiØ |
| Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling | HLB |
| Høgskulen i Volda | HiVo |
| Høgskulen på Vestlandet | HVL |
| Høyskolen for dansekunst | HFDK |
| Høyskolen for ledelse og teologi | HLT |
| Høyskolen Kristiania | HK |
| Kunsthøgskolen i Oslo | KHiO |
| Lovisenberg diakonale høgskole | LDH |
| NLA Høgskolen | NLA |
| Nord universitet | NU |
| Noregs handelshøgskole | NHH |
| Noregs idrettshøgskole | NIH |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | NMBU |
| Noregs musikkhøgskole | NMH |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | NTNU |
| OsloMet – storbyuniversitetet | OM |
| Samisk høgskole | SH |
| Steinerhøyskolen | STH |
| Universitetet i Agder | UiA |
| Universitetet i Bergen | UiB |
| Universitetet i Oslo | UiO |
| Universitetet i Stavanger | UiS |
| Universitetet i Søraust-Noreg | USN |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | UiT |
| VID vitenskapelige høgskole | VID |

## Innhald


**1 Innleiing ... 8**

**2 Mål for universitet og høgskular ... 9**

2.1 Om målstrukturen ... 9

2.2 Mål og styringsparametrar for 2020 ... 10

2.3 Kandidatmåltal for 2020 ... 13

2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane ... 15

**3 Budsjett for universitet og høgskular ... 16**

3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2020 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260 ... 16

3.2 Universitets- og høgskulebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og for Helse- og omsorgsdepartementet ... 17

3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260) ... 20

3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260 post 50) ... 21

3.3.2 Private høgskular (kap. 260 post 70) ... 27

3.4 Studieplassar ... 31

3.4.1 Nye studieplassar tildelte i 2020 ... 31

3.4.2 Vidareføring og opptrapping av tildelte studieplassar frå tidlegare år ... 31

**4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular ... 35**

4.1 Rammefinansiering ... 35

4.1.1 Basismidlar ... 35

4.1.2 Resultatbasert finansiering ... 35

4.1.3 Rapportering av data for 2019 og resultatutteljing i statsbudsjettet for 2021 ... 36

4.1.4 Unntak frå finansieringssystemet ... 37

4.2 Endring i resultatutteljing i 2020 ... 39

4.3 Dataspesifikasjonar og satsar ... 41

4.3.1 Dataspesifikasjon indikatorar med open budsjettramme ... 41

4.3.2 Dataspesifikasjon indikatorar med lukka budsjettramme ... 44

4.3.3 Satsar for studieplassar i basis ... 45

4.3.4 Satsar for indikatorar med open budsjettramme ... 45

4.3.5 Satsar for indikatorar med lukka budsjettramme ... 46

4.4 Datagrunnlag for resultatbasert utteljing 2020 ... 47

4.4.1 Datagrunnlag for indikatorar med open budsjettramme ... 47

4.4.2 Datagrunnlag for indikatorar med lukka budsjettramme ... 54

# 1 Innleiing

*Orientering om forslag til statsbudsjettet 2020 for universitet og høgskular* er eit førebels tildelingsbrev for 2020. Departementet legg fram orienteringa samtidig med Prop. 1 S (2019-2020) for Kunnskapsdepartementet, og ho skal saman med endeleg tildelingsbrev danne grunnlag for dei budsjettdisponeringane styret for den enkelte institusjonen vedtar for 2020.

Orienteringa er delt inn i tre kapittel:

*Mål for universitet og høgskular*

- Kap. 2 viser dei overordna måla og styringsparametrane for sektoren som institusjonane skal legge til grunn. Kap. 2 viser også kandidatmåltal for utvalde utdanningar.

*Budsjett og endringar i løyving*

- Kap. 3.1 og 3.2 viser vesentlege budsjettendringar for universitet og høgskular.
- Kap. 3.3 viser endringar i løyvingane frå 2019 til 2020 for universitet og høgskular.
- Kap. 3.4 gir ei oversikt over nye studieplasstildelingar og studieplasstildelingar frå tidlegare år med opptrapping på ordinær måte.

*Finansieringssystemet*

- Kap. 4.1 beskriv finansieringssystemet i 2020 for universitet og høgskular.
- Kap. 4.2 beskriv endringa i den resultatbaserte utteljinga i 2020 for universitet og høgskular.
- Kap. 4.3 og 4.4 beskriv satsar og datagrunnlag for resultatbasert uttelljing i 2020

# 2 Mål for universitet og høgskular

## 2.1 Om målstrukturen

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire overordna og langsiktige mål for universiteta og høgskulane som får tildeling frå Kunnskapsdepartementet. Måla for 2020 er dei same som dei har vore sidan 2015. Departementet har også fastsett styringsparametrar til kvart av dei fire måla på resultatområde som har særleg merksemd i styringa av sektoren. Styringsparametrane for 2020 er dei same som dei har vore sidan 2016. Departementet forventar at institusjonane vurderer eigne resultat og ambisjonar på desse styringsparametrane. Nokre av styringsparametrane inngår også som indikatorar i finansieringssystemet. Sjå kap. 4.

Universitet og statlege høgskular skal også fastsette eigne verksemdmål og relevante styringsparametrar som speglar profilen og utviklingsstrategien til institusjonen. Verksemdmåla skal medverke til å nå dei overordna måla frå Kunnskapsdepartementet.

Universitet og statlege høgskular skal legge mål- og resultatstyring, med integrert risikostyring, til grunn for planlegging og oppfølging av verksemda. Departementet har ikkje same styringsrolle overfor private høgskular, men oppfordrar desse institusjonane til å arbeide på same måte.

Kunnskapsdepartementet har i samarbeid med institusjonane sett samfunns- og effektmål for større bygge- og rehabiliteringsprosjekt i sektoren. Aktuelle institusjonar må ta omsyn til desse måla i planar og i styringa av verksemda.

Kunnskapsdepartementet har vidare fastsett måltal for enkelte utdanningar per institusjon.

Departementet har frå 2016 til 2019 gradvis inngått fleirårige utviklingsavtalar med kvar av dei statlege institusjonane, jf. Prop. 1 S (2018–2019). Utviklingsavtalane skal bidra til høg kvalitet og ein mangfaldig sektor gjennom tydelegare institusjonsprofilar og betre arbeidsdeling. Utviklingsavtalane inneheld mål og måleparametrar for prioriterte utviklingsområde for institusjonen, og er samstundes eit verkemiddel for nasjonal koordinering.

Innhaldet i avtalen skal i hovudsak utarbeidast etter initiativ frå institusjonen, men departementet kan også ta initiativ til at enkelte forhold bør inngå i avtalane. Ein føresetnad for utviklingsavtalane er at departementet og institusjonen er einige om innhaldet. Departementet tek sikte på at avtalane skal vare i 3-4 år, og at vurderinga av måloppnåing vil skje gjennom kvalitative og kvantitative måleparametrar, som institusjonen og departementet er blitt einige om som del av avtalen. Måla i utviklingsavtalen må vere moglege å operasjonalisere og etterprøve og skal vere ein integrert del av eller samordna med målstrukturen til institusjonane.

Utviklingsavtalane skal bidra til den faglege utviklinga ved universiteta og høgskolane og vere til støtte for styret. Avtalane rokkar ikkje ved det ansvaret styret har for planar, strategiar

og forvaltning. Avtalane skal tene som instrument for å løfte område der styret og leiinga ser behov for særskild merksemd. Utviklingsavtalane skal òg vere eit verkemiddel for nasjonal koordinering på frivillig basis.

Prøveordninga legg grunnlaget for at utviklingsavtalar skal bli ein fast del av styringsdialogen for alle dei statlege institusjonane. Departementet tek sikte på at alle institusjonane på sikt skal ha same avtaleperiode. Departementet meiner at eit system med utviklingsavtalar der avtalane startar og sluttar samtidig, vil vere viktig for å nå målet om betre arbeidsdeling. Departementet kjem tilbake til prosessen i tildelingsbreva for 2020.

Regjeringa vil legge fram ei melding for Stortinget som gjennomgår heilskapen i styringa og forankrar ein klar og føreseieleg styringspolitikk for statlege universitet og høgskular. Meldinga vil mellom anna ta utgangspunkt i forslaga frå utvalet som vurderer regelverket for høgare utdanning. Departementet vil også evaluere ordninga med utviklingsavtalar. Meldinga vil bli lagd fram i samband med forslag til ny lov for universitet og høgskular, enten som ei eiga melding eller som ein meldingsdel i lovproposisjonen.

## 2.2 Mål og styringsparametrar for 2020

Kunnskapsdepartementet har fastsett fire overordna mål for høgare utdanning og forsking i Prop. 1 S (2019–2020) for Kunnskapsdepartementet. Universitet og høgskular som får løyving eller tilskot frå Kunnskapsdepartementet, skal bidra til å nå måla. Dataspesifikasjonar og krav til rapportering til Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) finst på DBH-nettsidene til NSD – Norsk senter for forskingsdata[1]. For rapporteringskrav til årsrappporten viser vi til vedlegg til endeleg tildelingsbrev.

For 2020 gjeld desse overordna og langsiktig måla og tilhøyrande styringsparametrar (datakjelde for den enkelte styringsparameteren står i parentes):

### *Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forsking*

For å møte utfordringane samfunnet står overfor, må høgare utdanning og forsking ha høg kvalitet. Studentane må få god undervisning uansett kva studiestad dei har valt. Arbeidsgivarar må vere trygge på at kandidatane er godt kvalifiserte, og samfunnet må kunne stole på at forskinga blir utført i solide fagmiljø med høg kompetanse.

Evalueringar viser at utdanninga og forskinga i Noreg er god, men at vi har fleire svake og fragmenterte utdannings- og forskingsmiljø, og at vi har få framifrå miljø. Regjeringa vil at alle utdannings- og forskingsmiljøa i Noreg skal ha høg kvalitet, og at fleire skal hevde seg internasjonalt. Dette inkluderer også fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

*Styringsparametrar:*
- *Delen bachelorkandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)*
- *Delen mastergradskandidatar som gjennomfører på normert tid (DBH)*

[1] http://dbh.nsd.uib.no/dokumentasjon/rapporteringskrav/index.action

- *Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år (DBH)*
- *Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret - NOKUT)*
- *Fagleg tidsbruk blant heiltidsstudentar (timar per veke) (Studiebarometeret - NOKUT)*
- *Talet på publikasjonspoeng per fagleg årsverk (DBH)*
- *Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FoU-årsverk (Forskingsrådet/NIFU)*
- *Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på studentar (DBH)*

### Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Grunnlaget for framtidig verdiskaping og velferd i Noreg er å realisere kunnskapssamfunnet. Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal vere eit av dei mest innovative landa i Europa. Universitet og høgskular er sentrale i den økonomiske, kulturelle og sosiale utviklinga både regionalt og nasjonalt, og avgjerande for å vidareutvikle kunnskapssamfunnet. Noreg har eit kunnskapsintensivt arbeidsliv med behov for oppdatert kunnskap og kompetanse. Skal universitet og høgskular fylle denne rolla, må dei ha eit utstrakt samarbeid med samfunns- og næringsliv. Noreg treng utdanning, forsking, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, kunnskapsdeling og kandidatar som bidreg til nødvendig omstilling, innovasjon og verdiskaping i offentleg og privat sektor.

*Styringsparametrar:*

- *Delen mastergradskandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning (Kandidatundersøkinga - NIFU[2])*
- *Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk (DBH)*
- *Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk (DBH)*
- *Delen forskingsinnsats i MNT-fag (FoU-statistikken - NIFU[3])*

### Mål 3: God tilgang til utdanning

Utdanningstilbodet skal legge til rette for god tilgang til nødvendig arbeidskraft og kompetanse i alle delar av landet. God tilgang inneber ikkje berre geografisk nærleik, men også tilbod om studiefinansiering og studentbustad, at studietilbodet er tilpassa ulike typar studentar, bruk av digitale læringsressursar og anna som gjer det mogleg med livslang læring. Regjeringa vil at alle skal ha tilgang til høgare utdanning, og at det skal vere mogleg for alle å ta høgare utdanning, uansett kjønn og etnisk, sosial, geografisk og økonomisk bakgrunn. Livslang læring er viktig for å legge til rette for nødvendig omstilling og fornying for den enkelte og for samfunns- og arbeidsliv.

*Styringsparameter:*

- *Kandidattal på helse- og lærarutdanningane[4], jf. måltal (DBH)*

[2] Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.
[3] Undersøkinga blir gjennomført annakvart år.
[4] Kandidatmåltala går fram av tabellen under kap. 2.3.

## *Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskingssystem*

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og tilsvarande forskingssystem skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla. Universitet og høgskular forvaltar ein betydeleg del av midlane for fellesskapet. Ressursane skal brukast effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, og bidra til ein differensiert sektor med høg kvalitet. Vidare skal dei møte behova i samfunnet på ulike område og bidra til at Noreg kan hevde seg internasjonalt som ein framifrå kunnskapsnasjon. Det vil framleis vere behov for samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i universitets- og høgskulesektoren etter at strukturreforma er gjennomført. Institusjonane må halde fram med å sjå korleis dei saman kan løyse utfordringar i sektoren. Institusjonar som har grunnlag for det, er forventa å dyrke fram utdannings- og forskingsmiljø som kan hevde seg i verdstoppen.

Departementet har i tillegg sett desse styringsparametrane under mål 4:

*Styringsparametrar:*

- *Talet på studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)*
- *Delen kvinner i dosent- og professorstillingar (DBH)*
- *Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar*[5] *(DBH)*
- *Delen av samlingane og objekta ved universitetsmusea som er tilstrekkeleg sikra og bevart (DBH)*

[5] Styringsparameteren gjeld ikkje for private høgskular.

## 2.3 Kandidatmåltal for 2020

Departementet har kandidatmåltal for helse- og lærarutdanningane. Dette er utdanningar der det er særleg viktig at sektoren når måla for å møte behovet i samfunnet. Kunnskapsdepartementet regulerer derfor talet på kandidatar i desse utdanningane. Kandidatmåltala er eit minstekrav til talet på uteksaminerte kandidatar frå den enkelte institusjonen. Tabellen nedanfor viser kandidatmåltal for 2020 fordelte på utdanningar og institusjonar.

| | | Helsefagutdanningane | | | | | | | | | | | | | | | | | Lærarutdanningane | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Institusjon** | **ABIOK- utd.** | **Audiografutd.** | **Bioingeniørutd.** | **Tegnspråk og tolkning** | **Ergoterapiutd** | **Klinisk ernæringsfysiologi** | **Farmasiutd. BA** | **Farmasiutd. MA** | **Fysioterapiutd.** | **Jordmorutd.** | **Medisinutd.** | **Odontologiutd.** | **Psykologi prof.utd.** | **Radiografutd.** | **Sjukepleiarutd.** | **Tannteknikarutd.** | **Tannpleiarutd.** | **Vernepleiarutd.** | **Barnehagelærarutd.** | **GLU 1–7** | **GLU 5–10** | **Integrert, 5 år** | **PPU og PPU-Y** | **Faglærarutd.** | **Yrkesfaglærarutd.** |
| Nord universitet | 26 | | | | | | 21 | | | | | | | | 352 | | | 30 | 124 | 97 | 72 | | 102 | 41 | |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | 64 | | |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 134 | 29 | 73 | 20 | 57 | | | 12 | 52 | 25 | 114 | | 63 | 51 | 425 | | | 70 | | 149 | 94 | 75 | 222 | | 69 |
| OsloMet – storbyuniversitetet | 120 | | 50 | 20 | 51 | | 41 | | 134 | 34 | | | | 34 | 492 | 20 | | 147 | 323 | 151 | 102 | | 205 | 88 | 104 |
| Universitetet i Agder | 25 | | 20 | | | | | | | | | | | | 203 | | | 35 | 113 | 65 | 43 | 28 | 135 | 20 | |
| Universitetet i Bergen | | | | | | 24 | | 25 | | | 164 | 45 | 80 | | | | 30 | | | | | 28 | 211 | | |
| Universitetet i Oslo | | | | | | 32 | | 55 | | | 200 | 62 | 112 | | | | 20 | | | | | 109 | 289 | | |
| Universitetet i Stavanger | 34 | | | | | | | | | | | | | | 167 | | | | 115 | 56 | 37 | 28 | 174 | 20 | |
| Universitetet i Søraust-Noreg | 51 | | | | | | | | | 20 | | | | 20 | 344 | | 20 | 57 | 232 | 138 | 86 | | 202 | 68 | |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 50 | | 20 | | 20 | 12 | | 25 | 33 | 20 | 89 | 32 | 39 | 24 | 261 | | 12 | 64 | 106 | 67 | 63 | 50 | 132 | 25 | |

| | | Helsefagutdanningane | | | | | | | | | | | | | | | | | Lærarutdanningane | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Institusjon** | **ABIOK- utd.** | **Audiografutd.** | **Bioingeniørutd.** | **Tegnspråk og tolkning** | **Ergoterapiutd** | **Klinisk enæringsfysiologi** | **Farmasiutd. BA** | **Farmasiutd. MA** | **Fysioterapiutd.** | **Jordmorutd.** | **Medisinutd.** | **Odontologiutd.** | **Psykologi prof.utd.** | **Radiografutd.** | **Sjukepleiarutd.** | **Tannteknikarutd.** | **Tannpleiarutd.** | **Vernepleiarutd.** | **Barnehagelærarutd.** | **GLU 1–7** | **GLU 5–10** | **Integrert, 5 år** | **PPU og PPU-Y** | **Faglærarutd.** | **Yrkesfaglærarutd.** |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | | | | | | | | | | | | | | | 79 | | | 46 | | | | | | | |
| Noregs idrettshøgskole | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 30 | | |
| Noregs musikkhøgskole | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | | |
| Høgskolen i Innlandet | 23 | | | | | | | | | | | | | | 164 | | 24 | 65 | 117 | 71 | 47 | | 63 | 43 | |
| Høgskulen på Vestlandet | 60 | | 39 | 20 | 30 | | | | 68 | 35 | | | | 25 | 435 | | | 86 | 248 | 186 | 137 | | 276 | 48 | |
| Høgskulen i Volda | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 59 | 43 | 29 | | 68 | | |
| Høgskolen i Østfold | 20 | | 22 | | | | | | | | | | | | 109 | | | 61 | 94 | 47 | 32 | | 103 | | |
| Samisk høgskole | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 2 | 2 | 2 | | | | |
| Kunsthøgskolen i Oslo | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 13 | | |
| Barratt Due Musikkinstitutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | | |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærarutdanning | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 215 | | | | | | |
| Lovisenberg diakonale høgskole | 48 | | | | | | | | | | | | | | 167 | | | | | | | | | | |
| NLA Høgskolen | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 57 | 34 | 23 | | | | |
| Steinerhøyskolen | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 20 | 20 | 20 | | | | |
| VID vitenskapelige høgskole | 50 | | | | 30 | | | | | | | | | | 339 | | | 110 | | | | | | | |
| **Sum** | **641** | **29** | **224** | **60** | **188** | **68** | **62** | **117** | **287** | **134** | **567** | **139** | **294** | **154** | **3 537** | **20** | **106** | **771** | **1 825** | **1 126** | **787** | **338** | **2 329** | **353** | **173** |

## 2.4 Oppfølging frå departementet og hos institusjonane

Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskotsbrev frå departementet, årsrapport frå institusjonane, etatsstyringsmøte/ dialogmøte og skriftleg tilbakemelding.

Ein analyse av resultata i sektoren blir årleg lagt fram i tilstandsrapporten for høgare utdanning.

Årsrapportane, tilstandsrapporten og resultatrapporteringa til Database for høgare utdanning (DBH) utgjer hovudgrunnlaget for den vurderinga departementet gjer av kvar institusjon. Vurderinga som er basert på eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane i etatsstyringsmøta og i den årlege, skriftlege tilbakemeldinga. Departementet forventar at institusjonane set i verk tiltak for å følge opp tilbakemeldinga frå departementet.

Departementet vil framleis vurdere innretninga på etatsstyringsmøta på bakgrunn av blant anna erfaringane med møte annakvart år, institusjonssamanslåingane og prøveordninga med utviklingsavtalar.

NOKUT har ansvar for akkreditering av og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og fagskuleutdanning, og for godkjenning av utanlandsk utdanning. NOKUT har ansvar for å føre kontroll med private høgskular som mottek statstilskot og med samskipnadane. NOKUT har også ansvar for å føre kontroll med økonomiforvaltninga og arbeid med tryggleik- og beredskap innanfor høgare utdanning og forsking, dvs. universitet og høgskular, Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (Diku), Unit–Direktoratet for IKT og fellestenester, Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI), Noregs forskingsråd (NFR) og Dei nasjonale forskingsetiske komiteane (FEK).

# 3 Budsjett for universitet og høgskular

I 2020 blir programkategorien 07.60 Høgare utdanning slått saman med programkategorien 07.70 Forsking for at det skal bli enklare å sjå heilskapen i innsatsen på desse områda.

Samla løyving for høgare utdanning og forsking utgjer 49,6 mrd. kroner i 2020:

- 38,6 mrd. kroner over kap. 260 Universitet og høgskular
- 822,4 mill. kroner over kap. 270 Studentvelferd
- 174,8 mill. kroner over kap. 271 Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- 601 mill. kroner over kap. 272 Direktoratet for internasjonalisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning
- 164,5 mill. kroner over kap. 273 Unit – Direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forsking
- 139,8 mill. kroner over kap. 274 Universitetssenteret på Svalbard
- 286,6 over kap. 275 Tiltak for høgare utdanning og forsking
- 19,3 mill. kroner over kap. 284 Dei nasjonale forskingsetiske komiteane
- 4,8 mrd kroner over kap. 285 Noregs forskingsråd
- 189,1 mill. kroner over kap. 286 Regionale forskingsfond
- 218,1 mill. kroner over kap. 287 Basisløyving til samfunnsvitskaplege forskingsinstitutt
- 3,5 mill. kroner over kap. 288 Internasjonale samarbeidstiltak
- 45 mill. kroner over kap. 289 Vitskaplege prisar

## 3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2020 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260. Beløpa er avrunda til nærmaste 1 000 kroner[6]. Nærmare oversyn over budsjettendringane for kvar institusjon følger under kap. 3.3.

*(i 1 000 kroner)*

| | |
|---|---|
| Midlar til 145 nye studieplassar (kap. 260 post 50) | 6 543 |
| Midlar til 9 nye rekrutteringsstillingar | 11 794 |
| Auka resultatbasert utteljing (kap. 260 post 50 og post 70) | 203 744 |
| Vidareføre auka opptakskapasitet for tildelte studieplassr 2014 - 2019 (kap. 260 post 50 og 70) | 201 725 |
| Vidareføre rekrutteringsstillingar frå 2019 (kap. 260 post 50 og 70) | 13 545 |
| Utfasing av midlertidig rekrutteringsstillingar frå 2016 (kap. 260 post 50) | -49 951 |
| Reduksjon (0,5 pst.) knytt til avbyråkratisering og effektivisering (kap. 260 post 50 og 70) | -186 058 |
| Auke (3,2 pst.) som følge av prisjustering (kap. 260 post 50 og 70) | 1 180 141 |

[6] Endringar som følge av konsekvensjusteringar av budsjettvedtak frå tidligare år er i 2019-kroner, medan dei andre beløpa er i 2020-kroner, jf. budsjettendringstabellane i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2. Tiltak som blei vedtekne i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2019, er konsekvensjusterte til 2020-kroner. Dette gjeld vidareføring av opptakskapasitet frå RNB 2019.

I tillegg foreslår regjeringa å føre vidare 161 mill. kroner over kap. 260 til ordninga for oppgradering og utvikling av læringsareal og bygg ved universitet og statlege høgskular. Midlane kan gå til både institusjonar som forvalter sin eigen bygningsmasse og institusjonar som leigar areal i staten si husleigeordning. Midlane blir fordelte etter søknad i løpet av 2020.

Regjeringa foreslår at av midlane til om lag 250 nye studieplassar i 2020 skal 4,6 mill. kroner, tilsvarande om lag 100 studieplassar, tildelast gjennom ei søknadsbasert ordning i Diku. Det vil bli lagt vekt på behova innanfor helse- og sosialfag, teknologi og grønt skifte og behovet for å møte skiftande behov for studietilbud og tilbod som er tilgjengelege utanfor dei faste universitets- og høgskulecampusane. Den nye søknadsbaserte ordninga gjennom Diku kjem i tillegg til ei forsøksordning i 2019 gjennom Diku på 10 mill. kroner der universitet og høgskular kan søke om midlar til drift av fleksible vidareutdanningar, særleg retta mot digitalisering og grønt skifte. I 2020 blir denne ordninga auka til 36 mill. kroner. Det er også i både 2019 og 2020 løyvd 20 mill. kroner til utvikling av studietilbud, som blir fordelte gjennom en søknadsbasert ordning i Diku.

Regjeringa foreslår å vidareføre 15 mill. kroner til å følge opp strukturendringar i universitets- og høgskulesektoren. Av desse foreslår regjeringa ei varig auke på 5 mill. kroner til Nord universitet og 5 mill. kroner i 2020 til Unit – direktoratet for IKT og fellestenester i høgare utdanning og forsking over kap. 273 post 50. Kunnskapsdepartementet kjem tilbake til fordeling av dei resternade 5 mill. kronene.

Regjeringa foreslår 11,8 mill. kroner til ni nye rekrutteringsstillingar i 2020 for å følge opp behovet for auka kompetanse innanfor helsefag og teknologi. Av desse foreslår regjeringa å tildele tre rekrutteringsstillingar til Universitet i Stavanger. Departementet kjem tilbake til fordeling av dei resterande seks stillingane. Midlane blir tildelte med heilårseffekt allereie frå og med 2020. Satsen per rekrutteringsstilling er 1 310 450 kroner i 2020.

## 3.2 Universitets- og høgskulebygg over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og for Helse- og omsorgsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over midlar i 2020 til å prosjektere, rehabilitere og oppføre bygg i universitets- og høgskulesektoren over budsjettet til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Beløpa er i 2020-kroner og avrunda til nærmaste 1 000 kroner, jf. Prop 1 S. (2019–2020) for Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

*(i 1 000 kroner)*

| | |
|---|---|
| Prosjektering av nytt bygg for Odontologisk fakultet ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 30) | 4 000 |
| Prosjektering av nybygg for Tromsø museum ved Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (kap. 530 post 30) | 23 000 |
| Prosjektering av Blått bygg ved Nord universitet (kap.2445 post 30) | 30 000 |
| Prosjektering av Ocean Space Centre for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (kap. 530 post 30) | 35 000 |
| Prosjektering av ny campus i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (kap. 530 post 30) | 39 000 |

| | |
|---|---|
| Midlar til prosjektering av utstyr og inventar for ny i Trondheim for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (kap. 530 post 45) | 1 000 |
| Midlar til prosjektering av utstyr og inventar for Ocean Space Centre i Trondheim (kap. 530, post 45) | 20 000 |
| Startløyving for Vikingtidsmuseet ved Universitet i Oslo (kap. 530 post 31) | 30 000 |
| Midlar til utstyr og inventar for Vikingtidsmuseet ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 45) | 5 000 |
| Vidareføring av byggeprosjekt for nybygg for livsvitenskapsbygget ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 33) | 830 000 |
| Midler til utstyr og inventar til livsvitenskapsbygget ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 45) | 40 000 |
| Vidareføring av byggeprosjekt for Noregs miljø- og biovitskaplege universitet og Veterinærinstituttet (kap. 530 post 33) | 610 000 |
| Midlar til utstyr og inventar for Noregs miljø- og biovitskaplege universitet og Veterinærinstituttet på Ås (kap. 530 post 45) | 676 600 |
| Avslutning og reklamasjonsfase av fase to av rehabiliteringsprosjekt for Universitetsmuseet i Bergen ved Universitetet i Bergen (kap. 530 post 33) | 2 000 |
| Avslutning og reklamasjonsfase av byggeprosjekt for nybygg for medisin og helsefag ved Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet (kap. 530 post 33) | 9 500 |
| Avslutning og reklamasjonsfase for rehabilitering av Noregs idrettshøgskole (kap. 530 post 33) | 10 000 |
| Avslutning og reklamasjonsfase for nybygg for informasjonsvitenskap ved Universitetet i Oslo (kap. 530 post 33) | 4 200 |

I 2020 blir følgande brukarfinansierte prosjekt i statens husleigeordning (tidlegare kurantprosjekt) som er under gjennomføring førte vidare med midlar over Kommunal- og moderniseringsdepartementets budsjett, kap. 2445:

*(i 1 000 kroner)*

| | |
|---|---|
| Nytt bygg, Høgskulen på Vestlandet, campus Kronstad | 42 000 |
| Nybygg for lærarutdanninga, Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, campus Tromsø | 42 000 |
| Rehabilitering av lokale ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet, campus Narvik | 141 700 |
| Mediebygget, Høgskulen i Volda | 100 000 |
| Oppgradering av ventilasjon på hovedbygget, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, campus Ålesund | 22 000 |
| Rehabilitering av hovedbygget, Noregs handelshøgskole | 168 000 |
| Nytt SIM-senter, Universitetet i Søraust-Noreg, campus Vestland | 7 000 |
| Nybygg for helse- og sosialfag, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, i Trondheim | 25 000 |

I tillegg kjem brukarfinansierte prosjekt som framleis er under prosjektering, og som kan bli starta opp i løpet av hausten 2019 eller i 2020.

For utbygging av nye sjukehus med universitetsareal skal prosjekta gjennomførast som felles byggeprosjekt mellom universitet og helseføretak. Hovudmodellen for finansiering av nye

universitetsareal i sjukehus er ein leigemodell der helseføretaka eig bygga når dei er ferdige, og universiteta leiger areal av helseføretaka. Dei regionale helseføretaka kan søke om finansiering av prosjekta i tråd med systemet for finansiering av sjukehusinvesteringar. For utbygging av universitetsareal kan dei regionale helseføretaka søke om 100 pst. lån. Husleigekompensasjon for universitetsareal i sjukehusbygg blir handtert i tråd med prinsipp for fastsetting av husleigekompensasjon i statlege bygg. Forslag om auka løyvingar til husleige blir behandla i den ordinære budsjettprosessen saman med forslag om løyving til investeringslån for prosjektet.

Helse Sør-Aust og Oslo universitetssjukehus har vedteke å leggje ned aktiviteten ved Ullevål sjukehus og flytte han til Aker og Gaustad. Det inneber at Universitetet i Oslo må flytte den integrerte forskings- og undervisningsaktiviteten til dei nye sjukehusbygga på Aker og Gaustad. Regjeringa foreslår 75 pst. husleigekompensasjon til Universitetet i Oslo. Helse Vest skal bygge nye simulerings- og undervisningsareal for Universitetet i Stavanger i nye Stavanger Universitetssjukehus, og universitetet forpliktar seg til ein langsiktig leigeavtale. Regjeringa foreslår 40 pst. husleigekompensasjon til Universitetet i Stavanger.

## 3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2 gir nærmare oversikt over endringar frå 2019 til 2020 i budsjettrammene for dei enkelte universiteta og statlege høgskulane over kap. 260 post 50 og for dei enkelte private høgskolane over kap. 260 post 70. For institusjonar som har fusjonert i perioden f.o.m. januar 2019 t.o.m januar 2020, er endringar i tildeling slåtte saman under nytt institusjonsnamn.[7]

Tabellane med budsjettendringar per institusjon er bygde opp som følger:

Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2019* som er tildeling per institusjon i endeleg tildelingsbrev/tilskotsbrev for 2019.

Kolonnen *Andre budsjettendringar* viser budsjetteffekten av tiltak med verknad for enkelte institusjonar, inkludert ei prisjustering på 3,2 pst. og ein reduksjon på 0,5 pst. som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma. Sjå også forklaringane for den enkelte institusjonen.

Kolonnen *Nye rekrutteringsstillingar* viser budsjetteffekten i 2020-kroner for midlar til nye rekrutteringsstillingar i 2020.

Kolonnen *Nye studieplassar* viser budsjetteffekten av midlar til nye plasser i 2020 (2020-kroner). Sjå kap. 3.3.5 for oversikt over studieplassar per institusjon.

*Resultatbasert utteljing open ramme og resultatbasert uttgeljing lukka ramme* viser auke i resultatbasert utteljing som følge av endring i institusjonane sine resultat på indikatorane med høvesvis open og lukka budsjettramme (2020-kroner). Kap. 4.4 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.

*Budsjettforslag 2020* er summen av *Saldert budsjett 2019* og endringane i 2020.

[7] 1. september 2019 blei Høyskolen Kristiania, Musikkteaterhøyskolen og Norges dansehøyskole slåtte saman til ein institusjon under namnet Høyskolen Kristiania.

## 3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260 post 50)

*Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2019 til 2020*

| Institusjon | Saldert budsjett 2019 | Andre budsjett-endringar | Nye rekrutterings-stillingar | Nye studieplassar | Resultatbasert utteljing open ramme | Resultatbasert utteljing lukka ramme | Budsjettforslag 2020 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Nord universitet | 1 402 484 000 | 47 340 000 | | 902 000 | 19 705 000 | 4 290 000 | 1 474 721 000 |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | 1 305 608 000 | 38 893 000 | | 451 000 | -1 784 000 | -1 346 000 | 1 341 822 000 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | 6 716 228 000 | 208 198 000 | | 451 000 | 48 515 000 | 27 615 000 | 7 001 007 000 |
| OsloMet – storbyuniversitetet | 2 449 494 000 | 77 596 000 | | | 16 078 000 | 1 354 000 | 2 544 522 000 |
| Universitetet i Agder | 1 483 937 000 | 49 263 000 | | 452 000 | 14 484 000 | -7 373 000 | 1 540 763 000 |
| Universitetet i Bergen | 3 607 774 000 | 115 084 000 | | 452 000 | 26 718 000 | -2 681 000 | 3 747 347 000 |
| Universitetet i Oslo | 5 688 113 000 | 158 169 000 | | | -18 618 000 | -19 943 000 | 5 807 721 000 |
| Universitetet i Stavanger | 1 622 194 000 | 49 981 000 | 3 931 000 | 677 000 | 12 452 000 | -486 000 | 1 688 749 000 |
| Universitetet i Søraust-Noreg | 1 847 245 000 | 54 528 000 | | 451 000 | 10 259 000 | 3 049 000 | 1 915 532 000 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | 3 293 352 000 | 105 586 000 | | 451 000 | 12 619 000 | -6 774 000 | 3 405 234 000 |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | 185 352 000 | 4 939 000 | | | 3 652 000 | | 193 943 000 |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | 242 471 000 | 13 648 000 | | 451 000 | -1 081 000 | 394 000 | 255 883 000 |
| Noregs handelshøgskole | 479 409 000 | 15 020 000 | | | 5 144 000 | 1 839 000 | 501 412 000 |
| Noregs idrettshøgskole | 208 252 000 | 5 550 000 | | | 2 729 000 | -2 878 000 | 213 653 000 |
| Noregs musikkhøgskole | 287 600 000 | 7 665 000 | | | -8 149 000 | | 287 116 000 |
| Høgskolen i Innlandet | 1 134 438 000 | 34 377 000 | | 903 000 | 29 249 000 | 2 638 000 | 1 201 605 000 |
| Høgskulen på Vestlandet | 1 996 909 000 | 62 928 000 | | 451 000 | -4 524 000 | -2 107 000 | 2 053 657 000 |
| Høgskulen i Volda | 360 807 000 | 8 971 000 | | | 6 484 000 | -481 000 | 375 781 000 |
| Høgskolen i Østfold | 674 300 000 | 21 391 000 | | 451 000 | 10 004 000 | 1 216 000 | 707 362 000 |
| Kunsthøgskolen i Oslo | 359 511 000 | 9 581 000 | | | -801 000 | | 368 291 000 |
| Samisk høgskole | 94 284 000 | 2 079 000 | | | 709 000 | 40 000 | 97 112 000 |

# Forklaringar på andre endringar for universitet og statlege høgskular

## Nord universitet

- Auke på 5 000 000 kroner til arbeidet for å styrke kvaliteten etter samanslåinga.
- Auke på 5 000 000 kroner til å styrke fagmiljøa i sør- og lulesamisk grunnskulelærarutdanning.
- Auke på 4 414 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2017–2019.
- Reduksjon på 620 000 kroner som følge av overføring av ansvar for studieplassar i veilederutdanning for nyutdannede lærar til Utdanningsdirektoratet.
- Auke på 44 381 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 3 810 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 7 025 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Noregs miljø- og biovitskaplege universitet

- Auke på 5 685 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2017–2018.
- Auke på 41 464 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 693 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 6 563 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

- Auke på 12 000 000 kroner til å styrke Kavliinstituttet for nevrovitskap ved NTNU. Midlane har som vilkår at May-Britt Moser og Edvard Moser er aktive forskarar ved instituttet.
- Auke på 28 866 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2015–2018.
- Auke på 213 316 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 7 620 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 600 000 kroner knytt til finansiering av fagsystemet SPREK.
- Reduksjon på 4 000 000 kroner i prosjekteringsmidlar til Campus NTNU. Kunnskapsdepartementet fører vidare med 10 mill. kroner for arbeidet med prosjektet.
- Reduksjon på 33 764 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## OsloMet – storbyuniversitetet

- Auke på 4 876 000 kroner til drift og utvikling av Skolekassa.no, LEXIN og Bildetema til OsloMet – storbyuniversitetet.
- Auke på 11 915 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2019.
- Auke på 77 742 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 270 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 2 006 000 kroner som følge av utfasing av utviklingsmidlar til desentralisert yrkesfaglærarutdanning.
- Reduksjon på 1 355 000 kroner som følge av gevinstrealisering for prosjekt under medfinansieringsordninga.
- Reduksjon på 12 306 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Universitetet i Agder

- Auke på 15 004 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2019.
- Auke på 47 240 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 5 503 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 7 478 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Universitetet i Bergen

- Auke på 1 000 000 kroner til å drifte og utvikle tidsskriftet Nordic journal of Digital Literacy.
- Auek på 2 000 000 kroner til å drifte og utvikle Kart i skolen og Miljølære.no.
- Auke på 20 377 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2015–2019.
- Auke på 114 695 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 4 233 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 600 000 kroner knytt til finansiering av fagsystemet SPREK.
- Reduksjon på 18 155 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Universitetet i Oslo

- Auke på 14 252 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2018.
- Auke på 180 369 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 5 502 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.

- Reduksjon på 2 400 000 kroner knytt til finansiering av fagsystemet SPREK.
- Reduksjon på 28 550 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Universitetet i Stavanger

- Auke på 3 386 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2019.
- Auke på 14 817 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2019.
- Auke på 51 595 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 6 773 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 3 327 000 kroner som følge av gevinstrealisering for prosjekt under medfinansieringsordninga.
- Reduksjon på 1 550 000 kroner som følge av overføring av ansvar knytt til studieplassar til veilederutdanning for nyutdannede lærarar.
- Reduksjon på 8 167 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Universitetet i Søraust-Noreg

- Auke på 8 308 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2018.
- Auke på 58 668 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 2 541 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 620 000 kroner som følge av overføring av ansvar knytt til studieplassar til veilederutdanning for nyutdannede lærarar.
- Reduksjon på 9 287 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

- Auke på 14 369 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2014–2019.
- Auke på 3 600 000 kroner til finansiering av fagssystemet SPREK.
- Auke på 4 000 000 kroner til å styrke og utvide mobilitetsordninga «north2north» for studentar og tilsette gjennom University of the Artic (Uartic).
- Auke på 104 605 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 3 810 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 620 000 kroner følge av overføring av ansvar knytt til studieplassar til veilederutdanning for nyutdannede lærarar.
- Reduksjon på 16 558 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo

- Auke på 5 868 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 929 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk

- Auke på 7 017 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2019.
- Auke på 7 878 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 247 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Noregs handelshøgskole

- Auke på 2 186 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2017–2018.
- Auke på 15 248 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 2 414 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Noregs idrettshøgskole

- Auke på 6 594 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 044 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Noregs musikkhøgskole

- Auke på 9 106 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 441 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høgskolen i Innlandet

- Auke på 6 051 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2017–2019.
- Auke på 35 997 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 423 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 1 550 000 kroner som følge av overføring av ansvar knytt til studieplassar til veilederutdanning for nyutdannede lærarar.
- Reduksjon på 5 698 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høgskulen på Vestlandet

- Auke på 15 643 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2019.
- Auke på 63 550 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 4 656 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 1 550 000 kroner som følge av overføring av ansvar knytt til studieplassar til veilederutdanning for nyutdannede lærarar.
- Reduksjon på 10 059 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høgskulen i Volda

- Auke på 219 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i 2016.
- Auke på 11 404 000 kroner som følg av prisjustering.
- Reduksjon på 847 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 1 805 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og og effektiviseringsreforma.

## Høgskolen i Østfold

- Auke på 5 394 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2019.
- Auke på 21 485 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 847 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 1 240 000 kroner som følge av overføring av ansvar knytt til studieplassar til veilederutdanning for nyutdannede lærarar.
- Reduksjon på 3 401 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Kunsthøgskolen i Oslo

- Auke på 11 383 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 802 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Samisk høgskole

- Auke på 2 972 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 423 000 kroner som følge av utfasing av midlertidige rekrutteringsstillingar i 2016.
- Reduksjon på 470 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

### 3.3.2 Private høgskular (kap. 260 post 70)

*Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2019 til 2020*

| Institusjon | Saldert budsjett 2019 | Andre budsjett-endringar | Resultatbasert utteljing open ramme | Resultatbasert utteljing lukka ramme | Budsjettforslag 2020 |
|---|---|---|---|---|---|
| Handelshøyskolen BI | 347 771 000 | 10 275 000 | -1 621 000 | -1 035 000 | 355 390 000 |
| MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn | 95 259 000 | 8 896 000 | 537 000 | 190 000 | 104 882 000 |
| VID vitenskapelige høgskole | 362 598 000 | 19 703 000 | 8 215 000 | 1 207 000 | 391 723 000 |
| Ansgar Teologiske Høgskole | 23 372 000 | 2 563 000 | 1 237 000 | -294 000 | 26 878 000 |
| Barratt Due musikkinstitutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter | 26 579 000 | 716 000 | 1 994 000 | | 29 289 000 |
| Bergen Arkitekthøgskole | 18 966 000 | 511 000 | -602 000 | | 18 875 000 |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdaning | 124 957 000 | 5 683 000 | 1 441 000 | 42 000 | 132 123 000 |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | 10 621 000 | 2 025 000 | 1 356 000 | 43 000 | 14 045 000 |
| Høyskolen for dansekunst | 1 000 000 | 1 054 000 | | | 2 054 000 |
| Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling | 2 576 000 | 69 000 | 104 000 | 23 000 | 2 772 000 |
| Høyskolen for ledelse og teologi | 11 237 000 | 2 968 000 | 577 000 | 153 000 | 14 935 000 |
| Høyskolen Kristiania | 220 303 000 | 5 941 000 | 3 326 000 | 822 000 | 230 392 000 |
| Lovisenberg diakonale høgskole | 100 226 000 | 5 364 000 | 2 805 000 | 88 000 | 108 483 000 |
| NLA Høgskolen | 218 312 000 | 19 359 000 | 1 613 000 | 270 000 | 239 554 000 |
| Steinerhøyskolen | 15 190 000 | 410 000 | -1 082 000 | 125 000 | 14 643 000 |

# Forklaringar på andre endringar for private høgskular

## Handelshøyskolen BI

- Auke på 874 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i 2018.
- Auke på 11 102 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 701 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn

- Auke på 2 623 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i 2019.
- Auke på 2 600 000 kroner som følge av heil budsjettverknad for tilskot til Senter for orientalsk språkfag ved MF.
- Auke på 500 000 kroner som følge av heil budsjettverknad for professorat i antisemittisme.
- Auke på 450 000 kroner til Egede-instituttet.
- Auke på 3 216 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 493 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## VID vitenskapelige høgskole

- Auke på 2 053 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar i perioden 2016–2019.
- Auke på 7 619 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar tildelte i 2019.
- Auke på 11 846 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 815 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Ansgar Teologiske Høgskole

- Auke på 1 882 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i 2018.
- Auke på 804 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 123 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Barratt Due musikkinstitutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter

- Auke på 846 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 130 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Bergen Arkitekthøgskole

- Auke på 604 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 93 000 kroner kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning

- Auke på 2 253 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i 2019.
- Auke på 4 051 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 621 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Fjellhaug Internasjonale Høgskole

- Auke på 1 693 000 kroner som følge av nye rekrutteringsstillingar i 2019.
- Auke på 392 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 60 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høyskolen for dansekunst

- Auke på 1 000 000 kroner som følge av heilårs budsjettverknad for driftstilskot.
- Auke på 64 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 10 000 kroner som følgje av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

- Auke på 82 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 13 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høyskolen for ledelse og teologi

- Auke på 1 749 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i 2019.
- Auke på 440 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 68 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Høyskolen Kristiania

- Auke på 7 015 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 074 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Lovisenberg diakonale høgskole

- Auke på  2 656 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i prioden 2016–2019.
- Auke på 3 199 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 491 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## NLA Høgskolen

- Auke på 13 118 000 kroner som følge av opptrapping av nye studieplassar tildelte i perioden 2016–2019.
- Auke på 7 370 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 1 129 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## Steinerhøyskolen

- Auke på 484 000 kroner som følge av prisjustering.
- Reduksjon på 74 000 kroner som følge av avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma.

## 3.4 Studieplassar

### 3.4.1 Nye studieplassar tildelte i 2020

Regjeringa foreslår til saman 11,1 mill. kroner til om lag 250 nye studieplassar i 2020. Av desse blir 4,6 mill. kroner, tilsvarande om lag 100 studieplassar, foreslått over kap. 272, post 50 for tildeling etter søknad gjennom Diku. Regjeringa foreslår å tildele 75 nye studieplassar til helse- og sosialfagsutdanningane med vekt på sjukepleiarutdanning, og 70 studieplassar til teknologi og fag retta mot grønt skifte. Tabellen nedanfor viser fordeling per institusjon.

Tabellen nedanfor viser fordeling av nye studieplassar med budsjetteffekt frå 2020, jf. beløpa i tabellen under kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2. Studieplassane blir tildelte som fireårige plassar i kategori D, jf. tabellen under kap. 4.3.3. Midlane vil bli trappa opp over fire år. Kunnskapsdepartementet forventar ein auke i talet på studieplassar i sektoren (målt i 60-studiepoengseiningar, SPE) som følge av tildeling av midlar til nye studieplassar.

*Tildeling av nye studieplassar i 2020*

| Institusjon | Helse- og sosialfag med vekt på sjukepleie | Teknologi og grønt skifte |
|---|---|---|
| Høgskulen på Vestlandet | 10 | |
| Universitetet i Søraust-Noreg | 10 | |
| Nord universitet | 10 | 10 |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | 10 | |
| Høgskolen i Innlandet | 20 | |
| Universitetet i Stavanger | 15 | |
| Universitetet i Agder | | 10 |
| Universitetet i Bergen | | 10 |
| Høgskolen i Østfold | | 10 |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | | 10 |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | | 10 |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | | 10 |
| Sum | 75 | 70 |

### 3.4.2 Vidareføring og opptrapping av tildelte studieplassar frå tidlegare år

Dette kapitlet presenterer tabellar over studieplassar for fleirårige utdanningar som ikkje er ferdig oppbygde med alle studentkulla. Tildelte studieplassar som er ferdig oppbygde i 2019, men som inneber auka løyving også for første halvår i 2020, er ikkje med i tabellane. Det gjeld studieplassar til:

- seksårige utdanning innanfor medisin, jf. statsbudsjettet for 2014
- femårige utdanning innanfor teknologi, klinisk ernæringsfysiologi og fiskehelse, jf. revidert nasjonalbudsjett for 2015

- fireårige strategiske studieplassar, studieplassar i strategisk IKT/helse og studieplassar i IKT-sikkerheit, jf. revidert nasjonalbudsjett for 2016
- treårige strategiske studieplassar, jf. revidert nasjonalbudsjett for 2017.

Løyving som følge av vidareføring og budsjetteffekt for siste år i 2019 og første halvår i 2020 inngår i kolonnen *Andre budsjettendringar* i tabellane i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2.

## Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2016–2019

Tabellen nedanfor viser auke i talet på studieplassar i 2020 som følge av vidareføring av studieplasstildelingar gjennom budsjetta for perioden 2016–2020.

*Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i 2016–2019*

| | 2016 | | RNB 2016 | 2017 | | RNB 2017 | 2018 | | | | | RNB 2018 | 2019 | | | | | RNB 2019 | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Institusjon | Medisin, Kat. A, 6 år | Psykologi, Kat. B, 6 år | Lærarutd., kat. D, 5 år | IKT-utd., kat. D, 4 år | Grunnskulelærarutd., kat. D, 5 år | IKT-utd., kat. D, 4 år | Strategiske studie-plassar, kat. D, 3 år | Yrkesfaglærarutd., kat. E, 3 år | IKT-utd., kat. D, 4 år | Havteknologi, kat. E, 3 år | Bachelor psykologi, kat. F, 3 år | Sykepleieutd., kat. E, 3 år | Strategiske studie-plassar, kat. D, 5 år | Sykepleieutd., kat. E, 4 år[8] | Jordmorutd., kat. D, 2 år | Barnevern, kat. D, 5 år | Barnehagelærerutd., kat. E, 3 år | Bærekraftsøkonomi, kat. D, 4 år | Strategiske studie-plassar, kat. D, 4 år | Tegnspråk, kat. D, 4 år | ABIOK, kat. D, 4 år | IKT, kat. D, 4 år |
| NU | | | | 20 | | | | | 15 | | | | | | | | | | 10 | | | |
| NMBU | | | | 20 | | 15 | | | 30 | | | | | | | | | | | | | |
| NTNU | 15 | 10 | | 70 | | 45 | | | 110 | | | | | | | | | | | | | |
| OM | | | | 40 | | 15 | | 30 | 30 | | | | | | | | | | | 10 | | |
| UiA | | | | 40 | | 15 | | | 30 | | | 10 | | | | 35 | | | | | | 10 |
| UiB | 5 | 5 | | 40 | | 35 | | | 75 | | | | | | | | | | | | | 10 |
| UiO | | 5 | | 55 | | 35 | | | 50 | | | | | | | | | | | | | |
| UiS | | | | 50 | | 15 | | | 30 | | | 20 | | | 17 | | | | | | | 5 |
| USN | | | | 40 | | 15 | | | 30 | | | | | | | | | | | | | |
| UiT | 10 | 5 | | 40 | | 15 | | | 30 | | | 20 | | 25 | | | | | | | | |
| HiM | | | | | | 5 | 30 | | 5 | | | | | | | | | | | | | 5 |
| NHH | | | | 10 | | 5 | | | 10 | | | | | | | | | | | | | |
| HiNN | | | | 20 | | 5 | | | | | | 10 | | | | | | 20 | | | 3 | |
| HVL | | | | 40 | | 15 | | | 30 | 30 | | 15 | | | | | | | | | 5 | |

[8] Sjukepleierutdanninga ved UiT frå 2019 er eit deltidsstudium over fire år. Programmet er dimensjonert for opptak annankvart år, og det er ikkje lagt til grunn opptak av eit nytt kull i 2020.

*Vidare oppbygging som følgje av studieplasstildelingar i 2016–2019*

| | 2016 | | RNB 2016 | 2017 | | RNB 2017 | 2018 | | | | | RNB 2018 | 2019 | | | | | RNB 2019 | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Institusjon | Medisin, Kat. A, 6 år | Psykologi, Kat. B, 6 år | Lærarutd., kat. D, 5 år | IKT-utd., kat. D, 4 år | Grunnskulelærarutd., kat. D, 5 år | IKT-utd., kat. D, 4 år | Strategiske studieplassar, kat. D, 3 år | Yrkesfaglærarutd., kat. E, 3 år | IKT-utd., kat. D, 4 år | Havteknologi, kat. E, 3 år | Bachelor psykologi, kat. F, 3 år | Sykepleieutd., kat. E, 3 år | Strategiske studieplassar, kat. D, 5 år | Sykepleieutd., kat. E, 4 år[8] | Jordmorutd., kat. D, 2 år | Barnevern, kat. D, 5 år | Barnehagelærerutd., kat. E, 3 år | Bærekraftsøkonomi, kat. D, 4 år | Strategiske studieplassar, kat. D, 4 år | Tegnspråk, kat. D, 4 år | ABIOK, kat. D, 4 år | IKT, kat. D, 4 år |
| HiØ | | | | 15 | | 15 | | | 15 | | | 10 | | | | | | | | | 2 | |
| ATH | | | | | | | | | | | 30 | | | | | | | | | | | |
| BI | | | | | | | | | 10 | | | | | | | | | | | | | |
| NLA | | | 30 | | 70 | | | | | | | | 50 | | | | | | | | | |
| VID | | | | | | | | | | | | 15 | | | | | | | | | 2 | |
| MF | | | | | | | | | | | | | 30 | | | | | | | | | |
| HLT | | | | | | | | | | | | | 20 | | | | | | | | | |
| DMMH | | | | | | | | | | | | | | | | | 30 | | | | | |
| LDH | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | 18 | |
| Sum | 30 | 25 | 30 | 500 | 70 | 250 | 30 | 30 | 500 | 30 | 30 | 100 | 100 | 25 | 17 | 35 | 30 | 20 | 10 | 10 | 30 | 30 |

# 4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular

Kapitlet gir ei oversikt over resultatindikatorar og datagrunnlaget for berekning av resultatbasert utteljing i 2020.

## 4.1 Rammefinansiering

Den samla budsjettramma til universitet og høgskular blir løyvd over kap. 260 post 50 for universitet og statlege høgskular og post 70 for private høgskular. Rammeløyvinga omfattar basismidlar og resultatbaserte midlar.

Rammefinansieringa inneber at institusjonane skal sjå basismidlar og resultatbasert utteljing under eitt, og gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemdsmåla.

Styret ved den enkelte institusjonen må vurdere i kva grad dei nasjonale resultatbaserte insentiva for utdanning, forsking og samarbeid skal nyttast i dei interne fordelingane av midlar. Vidare må det enkelte styret vurdere om institusjonen skal ha supplerande økonomiske insentiv for å støtte opp under eigne prioriteringar og strategiar.

### 4.1.1 Basismidlar

Basismidlane skal sikre stabil og langsiktig finansiering. Storleiken på basismidlane til den enkelte institusjonen er avhengig av mange forhold. Basis er sett saman av midlar til fagleg profil og breidde i fagtilbod, husleigemidlar, midlar til drift og vedlikehald av bygningsmasse, midlar til særskilde og nasjonale oppgåver, øyremerka midlar til rekrutteringsstillingar og studieplassar med meir.

### 4.1.2 Resultatbasert finansiering

Den resultatbaserte finansieringa er resultat av kva den enkelte institusjonen har oppnådd på åtte kvantitative indikatorar. Insentiva skal stimulere institusjonane til å betre resultata sine.

Dei resultatbaserte midlane er fordelte på bakgrunn av resultat på følgande indikatorar:

- tal på studiepoeng (open ramme)
- tal på utvekslingsstudentar, inkludert Erasmus+-studentar (open ramme)
- tal på ferdigutdanna kandidatar (open ramme)
- tal på doktorgradskandidatar (open ramme)
- midlar frå EU (lukka ramme)
- midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond (lukka ramme)
- inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (lukka ramme)
- vitskapleg publisering (publiseringspoeng) (lukka ramme)

Den resultatbaserte finansieringa har indikatorar med open og lukka budsjettramme. I den opne ramma får institusjonane utteljing ut frå eigne resultat på indikatorane, uavhengig av resultata til dei andre institusjonane. Det betyr at institusjonane får meir midlar dersom dei har ein auke i studiepoeng, kandidatar, doktorgradskandidatar og utvekslingsstudentar. Tilsvarande får institusjonane redusert utteljing dersom dei har ein nedgang. Indikatorane vitskapleg publisering, midlar frå EU, Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond og BOA-inntekter har kvar si lukka budsjettramme. Det betyr at utteljinga for den enkelte institusjonen vil avhenge av samla resultat i sektoren. Satsane for indikatorane som har lukka budsjettrammer, blir berekna kvart år på grunnlag av dei samla resultata i sektoren.

Det er lagt til grunn ein lågare tilskotssats for utteljing på indikatorane studiepoeng, kandidatar og utveksling for dei private høgskolane Handelshøyskolen BI (30 pst.), Bergen Arkitekthøgskole (70 pst.) og Høyskolen Kristiania (60 pst.).

### 4.1.3 Rapportering av data for 2019 og resultatutteljing i statsbudsjettet for 2021

I statsbudsjettet for 2021 blir innrapporterte tal for 2019 lagde til grunn og samanlikna med innrapporterte tal som ligg til grunn for utteljinga i statsbudsjettet for 2020. Endring i resultata gir budsjettverknad i 2021. Det betyr at grunnlaget blir berekna ut frå endring mellom resultata for indikatorane i 2018 og 2019.

Institusjonane legg inn forslag til kategori, A–F, for nye studieprogram i den årlege rapporteringa til NSD. Departementet går gjennom dei nye studieprogramma og gjer endeleg innplassering i kategoriar. Søknad om å få endra innplassering av eit eksisterande studieprogram må inngå som del av satsingsforslaget frå institusjonen for statsbudsjettet for 2021, med frist 1. november 2019.

Departementet behandlar ikkje søknader om endra innplassering av studieprogram som institusjonane sender utanom det samla satsingsforslaget.

Innplassering av utdanningar i ein høgare kategori skal vere budsjettnøytral for institusjonen i endringsåret dersom ikkje Stortinget har vedtatt anna. Det inneber at ved kategoriheving og auka resultatutteljing som følge av dette, justerer departementet basismidlane tilsvarande ned i endringsåret. For komande år vil auke i studiepoeng og i kandidatar gi auka utteljing med den nye, høgare satsen, medan reduksjon i studiepoeng og i kandidatar vil gi redusert utteljing berekna med høgare sats.
Korrekt informasjon skal ligge til grunn for dei årlege budsjettvedtaka. Universitet og høgskular rapporterer data som inngår i berekningsgrunnlaget for resultatutteljinga i finansieringssystemet. Kunnskapsdepartementet føreset at institusjonane kvalitetssikrar tala dei rapporterer til NSD, og at dei rapporterer innan fastsette fristar. Departementet føreset at dette skjer gjennom system for internkontroll, og at institusjonane kan dokumentere gjennomføringa. Mangelfull eller feilaktig rapportering frå institusjonane kan føre til redusert resultatbasert utteljing.

Institusjonane skal bruke gjeldande mal for rekneskap og andre rapportar som inneheld data som dannar grunnlag for å berekne resultatbasert utteljing. Institusjonane skal rapportere rekneskapen korrekt og til rett tid. Dette er særleg viktig der data frå rekneskapen er grunnlag

for å berekne resultatbasert utteljing. På DBH-nettsidene til NSD ligg spesifikasjonar av gjeldande rapporteringskrav og malar for rapporteringa.

### 4.1.4 Unntak frå finansieringssystemet

To grupper av institusjonar har delvis unntak frå finansieringssystemet:

– statlege og private høgskular med kunstfagleg profil

– private høgskular, unntatt dei private vitskaplege høgskulane og Høyskolen Kristiania

Kunsthøgskolen i Oslo deltek berre på doktorgradsindikatoren. Noregs musikkhøgskole og Arkitektur- og designhøgskolen deltek på indikatorane for studiepoeng, kandidatar, utveksling og doktorgradskandidatar. Dei tre private høgskolane med kunstfagleg profil, Barratt Due musikkinstitutt, Bergen Arkitekthøgskole og tidlegare Norges dansehøyskole, deltek på indikatorane for studiepoeng, kandidatar og utveksling. Høyskolen for dansekunst, som fekk tilskot frå Kunnskapsdepartementet for første gong i 2019, og tidlegare Musikkteaterhøyskolen, deltek ikkje på nokon av indikatorane. Dei private høgskulane, unntatt dei tre nemnde høgskulane med kunstfagleg profil, deltek på indikatorane for studiepoeng, kandidatar, utveksling, doktorgradskandidatar og vitskapleg publisering. Dei tre private vitskaplege høgskulane deltek i alle indikatorane i finansieringssystemet.

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over kva for indikatorar institusjonane deltar i.

*Deltaking på indikatorar i finansieringssystemet*

| **Institusjon** | **Studiepoeng** | **Kandidatar** | **Utveksling** | **Doktorgrads-kandidatar** | **EU** | **Forskingsrådet** | **Publisering** | **BOA** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Høyskolen for dansekunst | | | | | | | | |
| Kunsthøgskolen i Oslo | | | | x | | | | |
| Barratt Due musikkinstitutt – Høyskoleavdelingen og Unge talenter | x | x | x | | | | | |
| Bergen Arkitekthøgskole | x | x | x | | | | | |
| Noregs musikkhøgskole | x | x | x | x | | | | |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | x | x | x | x | | | | |
| Ansgar Teologiske Høgskole | x | x | x | x | | | x | |
| Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning | x | x | x | x | | | x | |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | x | x | x | x | | | x | |
| Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling | x | x | x | x | | | x | |

*Deltaking på indikatorar i finansieringssystemet*

| Institusjon | Studiepoeng | Kandidatar | Utveksling | Doktorgrads-kandidatar | EU | Forskingsrådet | Publisering | BOA |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Høyskolen for ledelse og teologi | x | x | x | x | | | x | |
| Lovisenberg diakonale høgskole | x | x | x | x | | | x | |
| NLA Høgskolen | x | x | x | x | | | x | |
| Steinerhøyskolen | x | x | x | x | | | x | |
| Høyskolen Kristiania | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Nord universitet | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Noregs miljø- og biovitskaplege universitet | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet | x | x | x | x | x | x | x | x |
| OsloMet – storbyuniversitetet | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Universitetet i Agder | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Universitetet i Bergen | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Universitetet i Oslo | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Universitetet i Stavanger | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Universitetet i Søraust-Noreg | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Høgskolen i Molde, vitskapleg høgskole i logistikk | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Noregs handelshøgskole | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Noregs idrettshøgskole | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Høgskolen i Innlandet | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Høgskulen på Vestlandet | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Høgskulen i Volda | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Høgskolen i Østfold | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Samisk høgskole | x | x | x | x | x | x | x | x |
| Handelshøyskolen BI | x | x | x | x | x | x | x | x |
| MF vitenskapelig høyskole for teologi, religion og samfunn | x | x | x | x | x | x | x | x |
| VID vitenskapelige høgskole | x | x | x | x | x | x | x | x |

x= deltaking

## 4.2 Endring i resultatutteljing i 2020

Resultatbasert finansiering aukar med om lag 203,7 mill. kroner i 2020. Tabellen nedanfor viser endringa i resultatbasert finansiering samanlikna med statsbudsjettet i 2019, fordelt på indikator. Budsjettendringstala for indikatorane med open ramme i 2020-budsjettet er berekna ved å multiplisere sats for indikatoren med endring i datagrunnlag frå statsbudsjettet for 2019. Budsjettutteljing for indikatorane med lukka ramme er berekna ved å multiplisere kvar institusjon sin andel av dei samla resultata med den totale ramma for kvar indikator. Budsjettendringstala i 2020-budsjettet for lukka ramme er differansen mellom budsjettutteljinga i 2020 og budsjettutteljinga i 2019 (målt i 2020-kroner). Budsjettendringstal for kvar indikator er runda av til nærmaste 1 000 kroner.

*Budsjettendring i statsbudsjettet for 2020 til kvar enkelt institusjon for dei resultatbaserte indikatorane (i kroner)*

| Inst. | Studiepoeng | Kandidatar | Utvekslings-studentar (inkl. Erasmus+) | Doktorgradar | Publiserings-poeng | Midlar frå EU | Inntekter frå Forskingsrådet og regionale forskningsfond | BOA-inntekter | Sum budsjettendring resultatbasert utteljing |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| NU | 8 070 000 | 5 491 000 | -21 000 | 6 165 000 | 2 784 000 | 3 395 000 | -53 000 | -1 836 000 | 23 995 000 |
| NMBU | 6 164 000 | -5 599 000 | -347 000 | -2 002 000 | -3 019 000 | 2 668 000 | -616 000 | -379 000 | -3 130 000 |
| NTNU | 25 588 000 | 4 647 000 | 2 666 000 | 15 614 000 | 3 142 000 | 20 256 000 | 1 743 000 | 2 474 000 | 76 130 000 |
| OM | 528 000 | 7 474 000 | 229 000 | 7 847 000 | 1 300 000 | -1 128 000 | -22 000 | 1 204 000 | 17 432 000 |
| UiA | 5 655 000 | 3 227 000 | 1 038 000 | 4 564 000 | -1 345 000 | -4 607 000 | 469 000 | -1 890 000 | 7 111 000 |
| UiB | 14 571 000 | 9 295 000 | 1 251 000 | 1 601 000 | 2 160 000 | -5 094 000 | 1 028 000 | -775 000 | 24 037 000 |
| UiO | 1 342 000 | -10 865 000 | 834 000 | -9 929 000 | -1 850 000 | -10 409 000 | -6 037 000 | -1 647 000 | -38 561 000 |
| UiS | 10 273 000 | 585 000 | 393 000 | 1 201 000 | 1 212 000 | -1 767 000 | 120 000 | -51 000 | 11 966 000 |
| USN | 6 891 000 | 2 745 000 | 303 000 | 320 000 | -1 281 000 | 959 000 | 35 000 | 3 336 000 | 13 308 000 |
| UiT | 12 419 000 | -1 477 000 | 1 517 000 | 160 000 | -2 023 000 | -9 337 000 | 2 472 000 | 2 114 000 | 5 845 000 |
| AHO | 2 716 000 | 3 942 000 | 197 000 | -3 203 000 | - | - | - | - | 3 652 000 |
| HiM | -1 877 000 | 1 510 000 | -234 000 | -480 000 | 255 000 | -107 000 | 48 000 | 198 000 | -687 000 |
| NHH | 378 000 | 894 000 | 1 070 000 | 2 802 000 | -1 829 000 | 2 754 000 | 701 000 | 213 000 | 6 983 000 |
| NIH | 1 608 000 | -540 000 | -261 000 | 1 922 000 | -875 000 | -1 482 000 | 215 000 | -736 000 | -149 000 |
| NMH | -3 614 000 | -2 751 000 | 218 000 | -2 002 000 | - | - | - | - | -8 149 000 |
| HINN | 19 494 000 | 6 077 000 | -5 000 | 3 683 000 | -678 000 | 3 290 000 | 23 000 | 3 000 | 31 887 000 |
| HVL | -7 479 000 | 2 438 000 | 117 000 | 400 000 | -118 000 | -58 000 | -119 000 | -1 812 000 | -6 631 000 |

| Inst. | Studiepoeng | Kandidatar | Utvekslings-studentar (inkl. Erasmus+) | Doktorgradar | Publiserings-poeng | Midlar frå EU | Inntekter frå Forskingsrådet og regionale forskningsfond | BOA-inntekter | Sum budsjettendring resultatbasert utteljing |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| HiVo | 1 811 000 | 4 550 000 | -117 000 | 240 000 | -421 000 | -57 000 | 25 000 | -28 000 | 6 003 000 |
| HiØ | 6 118 000 | 3 492 000 | 554 000 | -160 000 | 173 000 | 1 339 000 | -170 000 | -126 000 | 11 220 000 |
| SH | 684 000 | -2 000 | -53 000 | 80 000 | -62 000 | 144 000 | -151 000 | 109 000 | 749 000 |
| KHiO | - | - | - | -801 000 | - | - | - | - | -801 000 |
| BI | -6 343 000 | 4 125 000 | 197 000 | 400 000 | 138 000 | -884 000 | 233 000 | -522 000 | -2 656 000 |
| MF | 219 000 | -345 000 | -138 000 | 801 000 | 166 000 | 170 000 | -64 000 | -82 000 | 727 000 |
| VID | 4 782 000 | 4 051 000 | -138 000 | -480 000 | 990 000 | -45 000 | 38 000 | 224 000 | 9 422 000 |
| ATH | 791 000 | 446 000 | - | - | -294 000 | - | - | - | 943 000 |
| BD | 1 009 000 | 1 022 000 | -37 000 | - | - | - | - | - | 1 994 000 |
| BAS | -772 000 | 110 000 | 60 000 | - | - | - | - | - | -602 000 |
| DMMH | 1 186 000 | 415 000 | -240 000 | 80 000 | 42 000 | - | - | - | 1 483 000 |
| FIH | 1 382 000 | 65 000 | -11 000 | -80 000 | 43 000 | - | - | - | 1 399 000 |
| HLB | -82 000 | 186 000 | - | - | 23 000 | - | - | - | 127 000 |
| HLT | 524 000 | 53 000 | - | - | 153 000 | - | - | - | 730 000 |
| HK | 1 781 000 | 1 597 000 | -212 000 | 160 000 | 731 000 | - | 82 000 | 9 000 | 4 148 000 |
| LDH | 1 078 000 | 1 775 000 | -48 000 | - | 88 000 | - | - | - | 2 893 000 |
| NLA | 2 324 000 | -775 000 | 144 000 | -80 000 | 270 000 | - | - | - | 1 883 000 |
| STH | -352 000 | -730 000 | - | - | 125 000 | - | - | - | -957 000 |

## 4.3 Dataspesifikasjonar og satsar

### 4.3.1 Dataspesifikasjon indikatorar med open budsjettramme

Tabellen nedanfor gir ein definisjon av kva som inngår i indikatorane som har open budsjettramme. Sjå også dei gjeldande rapporteringskrava frå Kunnskapsdepartementet på nettsidene til DBH.

*Dataspesifikasjon*

| | |
|---|---|
| Studiepoeng | Omfattar eksamensdata for eigenfinansierte studentar rekna om til 60-studiepoengseiningar og berre nye studiepoeng frå personar med studierett ved institusjonen. Studiepoeng ved gjentak og studiepoeng som privatistar tar, inngår ikkje i berekningsgrunnlaget. Studiepoeng som doktorgrads- stipendiatar tar, inngår heller ikkje. Studiepoeng som utvekslingsstudentar frå institusjonen tar ved ein annan lærestad i utlandet, skal ikkje inngå i rapporteringa. Statlege institusjonar med ekstern finansiering av studieprogram skal stadfeste kor stor prosent som er finansiert over rammeløyvinga til institusjonen. Statlege og private institusjonar vil ikkje få resultatbasert utteljing for studiepoeng tatt i studieprogram som får fullfinansiering etter eigne avtalar eller vedtak. Dette gjeld for eksempel ved oppbygging av ei ny utdanning som får særskilde midlar over statsbudsjettet og studieprogram som fullt ut blir finansierte av offentlege oppdragsgivarar, som for eksempel Utdanningsdirektoratet.<br><br>Ved anbodskonkurransar kan institusjonen ikkje legge til grunn i tilbodet til moglege oppdragsgivarar at det aktuelle studietilbodet vil få resultatbasert utteljing for studiepoeng. |
| Kandidatar | Gjeld personar som har gjennomført ei forskriftsfesta gradsgivande utdanning, jf. *Forskrift om grader og beskyttede titler*, og enkelte utvalde vidareutdanningar. Indikatoren omfattar: høgskulekandidatar, samt kandidatar med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU), vidareutdanning i sjukepleie (jordmor, helsesøster, anestesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie), bachelorgradar, grunnskulelærarutdanning (trinn 1–7 og trinn 5–10), faglærarutdanning, forskriftsfesta mastergradar og candidata/candidatus medicinae, candidata/candidatus medicinae veterinariae, candidata/candidatus psychologiae, candidata/candidatus theologiae.<br><br>For fellesgradar skal kandidatar rapporterast av ein institusjon etter avtale med dei andre samarbeidsinstitusjonane. |

| | |
|---|---|
| Doktorgradskandidatar, samarbeid om doktorgradsutdanning og kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid | Omfattar stipendiatar som har fullført og disputert ved ein norsk institusjon. Telletidspunktet for rapporteringa er det kalenderåret disputasen blir gjennomført. Institusjonar som har tilsette (stipendiatar eller andre fagleg tilsette) som disputerer ved ein annan norsk institusjon, får 20 pst. utteljing av den ordinære doktorgradsutteljinga.<br><br>Dersom vedkomande har vore tilsett ved fleire institusjonar i løpet av doktorgradsperioden, får gradsgivande institusjon full utteljing, medan den ikkje-gradsgivande institusjonen der vedkomande har vore lengst tilsett i perioden, får 20 pst. utteljing.<br><br>Kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid gir utteljing på lik linje med doktorgradar. |
| Utvekslingsstudentar | Omfattar inn- og utreisande utvekslingsstudentar med ein utvekslingsavtale eller eit utvekslingsprogram som varer minst tre månader eller 90 dagar. Omfattar studentar under kvoteprogrammet og utvekslingsstudentar på varige formaliserte utvekslingsavtalar av typen praksisprogram. Omfattar ikkje studentar med individbaserte utvekslingsavtalar eller stipendiatar eller andre doktorgradskandidatar. Omfattar heller ikkje utreisande studentar på Erasmus+-programmet, som har ein annan sats. |
| Utreisande studentar på Erasmus+-programmet | Omfattar alle utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+-program som varer minst tre månader eller 90 dagar. Omfattar også praksis og individbaserte utvekslingsavtalar. |

Oversikta nedanfor viser ulike utdanningar fordelte på kategoriar. Kategoriane er grunnlag for berekning av utteljing på indikatorane for studiepoeng og kandidatar.

*Utdanningar fordelte på kategoriar*

| Kategori | Utdanning |
|---|---|
| Kategori A | • Profesjonsutdanningane i medisin og odontologi<br>• Veterinærutdanning<br>• Kunstakademiet ved NTNU<br>• Film- og fjernsynsutdanning ved Den norske filmskolen og Avdeling for TV-fag ved HINN og scenografi og skodespel ved HiØ<br>• Luftfartsfag ved UiT |
| Kategori B | • Femårige masterprogram i arkitektur og industridesign<br>• Produktdesign<br>• Animasjon |

| Kategori | Utdanning |
| --- | --- |
| | • Utøvande kunst- og musikkutdanningar<br>• Profesjonsutdanningane i psykologi og farmasi<br>• Ortopediingeniør |
| Kategori C | • Realfag, teknologi, fiskerifag og kunst på høgare grads nivå<br>• Faglærarutdanning i musikk, dans og drama |
| Kategori D | Fag på høgare grads nivå:<br>• Humanistiske, samfunns- og idrettsvitskaplege fag (inkl. profesjonsstudium i teologi)<br>• Femårige masterprogram i teknologi<br>• Økonomi og administrasjon<br>• Femårig integrert lærarutdanning<br>Fag på lågare og høgare grads nivå:<br>• Grunnutdanning i fysioterapi, mensendieck, bioingeniør, ergoterapi, radiografi, audiografi, døvetolk, reseptar, tannteknikk, tannpleie, jordmor, stråleterapi, ABIOK-utdanningar (vidareutdanning i anestesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie)<br>• Fotojournalist, visuell kommunikasjon, tekniske mediefag (film og fjernsynsproduksjon)<br>• Faglærarutdanning i design, kunst- og handverk, årsstudium i praktisk-pedagogisk utdanning |
| Kategori E | • Profesjonsstudiet i juss<br>• Vidareutdanning i helsesjukepleie, psykisk helse og teiknspråk<br>• Fag på lågare grads nivå:<br>o Sjukepleiar-, vernepleiar-, barnevernspedagog<br>o Barnehagelærar-, yrkesfaglærar, og faglærarutdanning i kroppsøving og idrettsfag<br>o Landbruksfag, skogfag, dyrepleiarutdanning, husdyrfag og fiskerifag<br>o Teknologisk og maritim utdanning, realfag og ingeniørutdanning<br>o Journalist, idrettsfag, friluftsfag, kunstfag |
| Kategori F | Fag på lågare grads nivå:<br>• Humanistiske og samfunnsvitskaplege fag<br>• Økonomi og administrasjon<br>• Sosionomutdanning<br>• Reiseliv |

### 4.3.2 Dataspesifikasjon indikatorar med lukka budsjettramme

I tabellen nedanfor blir det gitt ein definisjon av kva som inngår i indikatorane med lukka budsjettrammer. Sjå også gjeldande rapporteringskrav som er tilgjengelege på DBH-nettsidene til NSD.

*Dataspesifikasjon*

| | |
|---|---|
| Midlar frå EU | Omfattar alle midlane institusjonane blir tildelte frå Europakommisjonen, for eksempel midlar frå EUs rammeprogram for forsking, randsoneprogram/partnarskapsprogram, utdanningssamarbeid, interregionale samarbeid.<br><br>Omfattar også midlar fordelte gjennom dei nasjonale kontora for Erasmus+-programmet. Omfattar berre midlar mottekne som kontraktspartnar i EU-prosjekt (også midlar fordelte mellom partnarane), og ikkje midlar mottekne som underleverandør til prosjektpartnarar. Midlar som blir overførte til samarbeidspartnarar, gir utteljing berre for partnaren.<br><br>Sjå note 32 referanse N32.3 i årsrekneskapen for statlege institusjonar og referanse N32.10 i årsrekneskapen for private institusjonar. |
| Midlar frå Noregs forskingsråd og midlar frå regionale forskingsfond | Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond, gir utteljing.<br><br>Sjå note 32 referanse N32.2 i årsrekneskapen for statlege institusjonar og referanse N32.20 i årsrekneskapen for private institusjonar.<br><br>Midlar som blir overførte til samarbeidspartnarar, gir utteljing berre for partnaren. |
| Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet | Omfattar inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitetutanom inntekter frå Europakommisjonen, Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond. Inntektene skal klassifiserast etter reglane som er fastsette i *Reglement for statlige universiteter og høyskolers forpliktende samarbeid og erverv av aksjer*, jf. rundskriv F-07/2013 med vedlegg frå Kunnskapsdepartementet[9]. Sjå note 32 referanse N32.1 i årsrekneskapen for statlege institusjonar og referanse N32.30 i årsrekneskapen for private institusjonar. |
| Publiseringspoeng | Institusjonane skal rapportere data om vitskaplege monografiar, vitskaplege artiklar i antologiar og vitskaplege artiklar i tidsskrift og seriar. Dei enkelte publikasjonane må tilfredsstille definisjonen på vitskapleg publisering frå Universitets- og høgskolerådet, og |

[9] Følgande definisjonar gjeld for bidrags- og oppdragfinansiert aktivitet, jf. avsnitt C i reglementet: *Med bidragsfinansiert aktivitet forstås prosjekter hvor institusjonen henter støtte fra nasjonale og internasjonale finansieringskilder uten at det foreligger krav om motytelse fra institusjonen når avtale om støtte inngås. Med oppdragsfinansiert aktivitet forstås prosjekter*
*institusjonene utfører mot betaling fra ekstern(e) oppdragsgiver(e) når det foreligger et krav om motytelse fra institusjonen når avtale/kontrakt inngås.*

| | |
|---|---|
| | publikasjonskanalane må vere godkjente.<br><br>Sjå også rapporteringskrav for vitskapleg publisering på nettsidene til CRIStin, http://www.cristin.no/. |

### 4.3.3 Satsar for studieplassar i basis

Utdanningane er fordelte på seks kategoriar, A-F som har kvar sine satsar.

Dersom departementet tildeler midlar til nye studieplassar, trekker tilbake eller flyttar midlar til studieplassar, justerer departementet basismidlane til institusjonen tilsvarande satsen for den aktuelle utdanninga. Den resultatbaserte utteljinga for studiepoeng og kandidatar følger andre satsar og blir tildelt etter at studiepoeng er avlagde, kandidatane er uteksaminerte og institusjonen har rapportert inn talet på studiepoeng og kandidatar, jf. tabellen under kap. 4.3.4.

Tabellen nedanfor viser satsane for studieplassar i dei ulike kategoriane. Satsane blir førte vidare på same nivå som i 2019 og justerte med anslått prisvekst på 3,2 pst. til 2020-kroner.

*Satsar i basis for ein studieplass 2020 (tal i kroner)*

| **Kategori** | **Utdanning** | **Studieplass (60-studiepoengseining)** |
|---|---|---|
| Kategori A | Kliniske utdanningar o.a. | 250 600 |
| Kategori B | Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a. | 189 000 |
| Kategori C | Realfag på høgare grads nivå o.a. | 128 500 |
| Kategori D | Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgare grads nivå, grunnskulelærarutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærarutdanningar, praktiske mediefag | 90 250 |
| Kategori E | Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå | 77 500 |
| Kategori F | Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå | 64 750 |

### 4.3.4 Satsar for indikatorar med open budsjettramme

Resultatindikatorane med open budsjettramme er studiepoeng, kandidatar, doktorgradskandidatar, utvekslingsstudentar og utreisande studentar på Erasmus+-programmet. Indikatorane med open budsjettramme blir førte vidare på same nivå som i 2019 og justerte med anslått prisvekst på 3,2 pst. til 2020-kroner.

Indikatorane for kandidatar og studiepoeng er delte inn i seks kategoriar, A–F. Lengda på utdanningane varierer innanfor kvar kategori frå eitt til seks år. Departementet gir derfor dobbel sats for kandidatar på integrerte femårige mastergradsprogram og andre utdanningar som har lengde på fem eller seks år.

*Satsar i resultatbasert uttleljing for studiepoeng og kandidatar (tal i kroner)*

| Kategori | Utdanning | Studiepoeng | Kandidatar (enkel utteljing) | Kandidatar (dobbel utteljing) |
|---|---|---|---|---|
| Kategori A | Kliniske utdanningar o.a. | 137 000 | 104 100 | 208 200 |
| Kategori B | Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a. | 105 100 | 78 600 | 157 200 |
| Kategori C | Realfag på høgare grads nivå o.a. | 70 050 | 52 000 | 104 000 |
| Kategori D | Samfunnsvitskaplege og humanistiske fag på høgare grads nivå, grunnskulelærarutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærarutdanningar, praktiske mediefag | 51 000 | 39 250 | 78 500 |
| Kategori E | Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå | 41 450 | 31 850 | 63 700 |
| Kategori F | Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå | 35 050 | 26 500 | 53 000 |

*Satsar i resultatbasert utteljing for doktorgradskandidatar, utvekslingsstudentar og utreisande studentar på Erasmus+-program (tal i kroner)*

| Indikator | Satsar |
|---|---|
| Doktorgradskandidatar | 400 350 |
| Utreisande studentar på Erasmus+-program | 15 950 |
| Utvekslingsstudentar | 10 650 |

### 4.3.5 Satsar for indikatorar med lukka budsjettramme

Resultatindikatorane med lukka budsjettrammer er publiseringspoeng, midlar frå EU, midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond samt inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet. På neste side er ei oversikt over satsane og dei lukka rammene for indikatorane. For eksempel: For kvart publiseringspoeng får institusjonen ei utteljing på 22 895 kroner i 2020. For kvar EU-krone institusjonen får tildelt, får han 0,9 kroner i resultatbasert utteljing. Dei fire rammene er fordelte kvar for seg og med bakgrunn i resultata til institusjonane på indikatorane.

*Satsar i resultatbasert utteljing for indikatorar med lukka ramme (tal i kroner)*

| Indikator | Rammer | Satsar |
|---|---|---|
| Publiseringspoeng | 600 903 000 | 22 895 |
| Midlar frå EU | 545 301 000 | 0,900 |
| Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond | 327 186 000 | 0,096 |
| Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet | 327 308 000 | 0,102 |

Publiseringspoeng blir berekna ut frå publiseringsform, kvalitetsnivå og forfattardelar, og skal bidra til ein fagnøytral publiseringsindikator og auka stimulans til samarbeid om vitskapleg publisering nasjonalt og internasjonalt. Tabellen nedanfor viser korleis dei ulike publikasjonsformene blir vekta i to kvalitetsnivå for den enkelte publikasjonsforma. Sjå nettstaden https://npi.nsd.no/ for meir informasjon om publiseringsindikatoren.

| Vitskaplege publikasjonar | Vekt nivå 1 | Vekt nivå 2 |
|---|---|---|
| Artiklar i vitskaplege tidsskrift | 1 | 3 |
| Artiklar i antologiar | 0,7 | 1 |
| Monografiar | 5 | 8 |

## 4.4 Datagrunnlag for resultatbasert utteljing 2020

Data som ligg til grunn for resultatbasert utteljing i finansieringssystemet, er i hovudsak henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ved NSD – Norsk senter for forskingsdata. Data er kvalitetssikra av institusjonane, NSD og Kunnskapsdepartementet. Departementet har korrigert enkelte tal etter fristen for rapporteringa. Det kan derfor vere avvik mellom nokre tal knytt til finansieringssystemet og tal iDBH. Dersom det kjem nye endringar i tala, vil departementet vurdere om det er behov for å justere tala og tilhøyrande budsjetteffektar i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2020 og statsbudsjettet for 2021.

I berekning av resultatbasert utteljing i 2020 nyttar departementet tal for 2018 samanlikna med grunnlaget som blei nytta i berekning av resultatbasert utteljing i 2019. Rekneskapstal er datagrunnlag for indikatorane for BOA-inntekter og inntekter frå EU, Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond. I tidlegare finansieringssystem har departementet nytta kontante tal for rekneskapsindikatorane for å berekne utteljing. Frå 2017 blei dette endra til at departementet nyttar periodiserte tal frå rekneskapane for å berekne resultatbasert utteljing.

### 4.4.1 Datagrunnlag for indikatorar med open budsjettramme

Det følgande avsnittet inneheld datagrunnlag for studiepoeng, kandidatar, utveksling og doktorgradar. For statsbudsjettet i 2020 er tal frå 2018 nytta for alle indikatorar med open ramme. I berekninga av resultatbasert utteljing for 2020 er det nytta faktiske tal frå

datagrunnlaget for alle indikatorane, medan tala i tabellane nedanfor er avrunda til nærmaste heile tal.

Tabellen nedanfor viser korleis avlagde 60-studiepoengseiningar frå 2018 fordeler seg på kategoriane A til F.

*Tal på 60-studiepoengseiningar i 2018*

| | **Datagrunnlag for 2020-utteljing** | | | | | | **Endring frå foregåande år** | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Inst.** | **A** | **B** | **C** | **D** | **E** | **F** | **A** | **B** | **C** | **D** | **E** | **F** |
| NU | | 62 | 75 | 2 019 | 3 172 | 1 800 | | -4 | 2 | 177 | 93 | -128 |
| NMBU | 378 | 283 | 1 099 | 1 137 | 785 | 463 | -8 | 33 | 55 | 45 | -23 | -42 |
| NTNU | 915 | 888 | 1 129 | 13 086 | 6 679 | 5 595 | 66 | 14 | 67 | 228 | -84 | 64 |
| OM | | 193 | 194 | 4 413 | 6 470 | 2 320 | | 28 | 1 | 124 | -172 | -45 |
| UiA | | 193 | 434 | 1 830 | 3 053 | 3 055 | | 4 | 8 | 80 | 14 | 1 |
| UiB | 1 190 | 1 070 | 932 | 1 550 | 3 434 | 4 115 | -6 | -17 | 16 | 83 | 30 | 303 |
| UiO | 1 376 | 897 | 1 158 | 4 006 | 3 668 | 6 716 | 19 | 4 | -11 | -12 | -54 | 56 |
| UiS | | 203 | 820 | 2 151 | 2 587 | 1 923 | | 5 | 54 | 209 | -100 | -14 |
| USN | | 47 | 347 | 2 735 | 5 045 | 2 700 | | -6 | 29 | 103 | -13 | 23 |
| UiT | 797 | 516 | 436 | 2 176 | 4 146 | 3 108 | -12 | 42 | -7 | 111 | 21 | 103 |
| AHO | | 567 | | | | | | 26 | | | | |
| HiM | | | | 293 | 570 | 628 | | | | -23 | 3 | -23 |
| NHH | | | | 1 501 | | 1 176 | | | | 17 | | -14 |
| NIH | | | | 222 | 585 | 2 | | | | -33 | 81 | -2 |
| NMH | 5 | 526 | | 26 | | 9 | 5 | -39 | | -2 | | -2 |
| HINN | 310 | 159 | 111 | 1 501 | 2 462 | 3 694 | 127 | 26 | -32 | -18 | 19 | 51 |
| HVL | | | 112 | 3 390 | 5 595 | 1 589 | | | 14 | 19 | -195 | -39 |
| HiVo | | 40 | | 630 | 1 072 | 728 | | -1 | | 68 | 16 | -63 |
| HiØ | 36 | | 38 | 1 053 | 2 064 | 899 | -2 | | 12 | 64 | 40 | 17 |
| SH | | 5 | | 52 | 25 | 43 | | 1 | | 6 | 8 | -2 |
| BI | | | | 1 859 | | 9 745 | | | | -7 | | -593 |
| MF | | | 30 | 366 | | 369 | | | 3 | 22 | | -33 |
| VID | | | 10 | 654 | 1 855 | 683 | | | -7 | 68 | | 9 |
| ATH | | | | 19 | - | 211 | | | | 6 | | 14 |
| BD | | 72 | 4 | | | | | 9 | 1 | | | |
| BAS | | 134 | | | | | | -11 | | | | |
| DMMH | | | | 95 | 815 | 10 | | | | 42 | -19 | -6 |
| FIH | | | | 13 | - | 113 | | | | 2 | | 37 |
| HLB | | | | | | 22 | | | | | | -2 |
| HLT | | | | | | 191 | | | | | | 15 |
| HK | | 250 | 82 | 1 131 | 1 285 | 3 072 | | 4 | 17 | 34 | -56 | 64 |
| LDH | | | | 134 | 668 | - | | | | 7 | 18 | - |
| NLA | | 59 | | 562 | 296 | 895 | | 2 | | 51 | -37 | 32 |
| STH | | | | 14 | 101 | 22 | | | | -13 | 5 | 2 |

Datagrunnlaget som inngår i berekning av utteljing for kandidatar i statsbudsjettet for 2020 er fordelte på kategoriane A til F. For berekning av utteljing for kandidatar i 2020 legg Kunnskapsdepartementet til grunn både rapporterte kandidatar i 2018, etterrapporterte kandidatar frå 2017, og kandidatar i 2018 med delar av graden sin innpassa frå ein annan institusjon.

Etterrapporterte kandidatar inngår i datagrunnlaget for å sikre at eit mest mogleg riktig nivå for tal på kandidatar blir lagt til grunn for budsjettutteljinga. Etterrapporterte kandidatar er personar som har oppnådd ein grad, og som er registrerte i databasen i ettertid. Årsaka til etterrapporteringa er fleire, som for eksempel at vitnemål ikkje er utferda på grunn av ein klagesak, manglande vurdering av utdanning frå ein annan institusjon eller at kandidaten ønsker å forbetre karakterar.

Kunnskapsdepartementet og NSD har vurdert omfanget av tal på etterrapporterte kandidatar. Tala viser at den største delen etterrapporterte kandidatar blir registert eitt år etter at graden er avlagt. Kunnskapsdepartementet meiner derfor det er rimeleg å sette grensa for etterrapporteringa etter eitt år.

Innpassa kandidatar er personar som går på studieprogram som får dobbel utteljing i kandidatindikatoren, men som har 180 eller fleire studiepoeng frå ein annan institusjon. Departementet meiner det i slike tilfelle er rimeleg at ein institusjon får enkel utteljing for desse kandidatane, sjølv om dei fullfører ein grad som er fem- eller seksårig. Tabellen nedanfor viser samla datagrunnlag i kandidatindikatoren for statsbudsjettet i 2020, både kandidatar med enkel og kandidatar med dobbel utteljing.

*Tal på kandidatar med enkel (E.) og dobbel (D.) utteljing, 2018 (inkl. etterrapporterte i 2017 og kandidatar med delar av graden innpassa frå ein annan institusjon)*

| | **Datagrunnlag for 2020-utteljing** | | | | | | | | | | | | **Endring frå foregåande år** | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **A** | | **B** | | **C** | | **D** | | **E** | | **F** | | **A** | | **B** | | **C** | | **D** | | **E** | | **F** | |
| **Inst.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** |
| NU | | | 23 | | 34 | | 709 | 6 | 843 | 7 | 432 | | | | 8 | | 7 | | 101 | 6 | -20 | -1 | 29 | |
| NMBU | | 64 | 1 | 34 | 288 | 86 | 287 | 110 | 211 | | 89 | | -1 | | 1 | -7 | -31 | 2 | 16 | -30 | -28 | | -17 | |
| NTNU | 22 | 87 | 93 | 96 | 882 | | 2 035 | 1 333 | 2 078 | | 1 143 | | -5 | -26 | 15 | 1 | 66 | | 184 | -9 | 12 | | -42 | |
| OM | | | 68 | | 56 | | 1 534 | | 2 041 | | 552 | | | | 18 | | -18 | | 199 | - | 16 | | -50 | |
| UiA | | | 66 | | 188 | | 597 | 19 | 893 | 17 | 689 | | | | 21 | | 12 | | 38 | -3 | 36 | -32 | 22 | |
| UiB | | 211 | 181 | 113 | 341 | 11 | 574 | 54 | 475 | 260 | 748 | | | 43 | 24 | 7 | 14 | -3 | -45 | 21 | -16 | -38 | 1 | |
| UiO | 1 | 237 | 14 | 158 | 441 | | 1 635 | 156 | 626 | 378 | 1 285 | | -2 | -82 | 5 | 21 | -34 | | -72 | 16 | 150 | -9 | 70 | |
| UiS | | | 32 | | 344 | | 677 | 21 | 742 | 9 | 498 | | | | -16 | | 3 | | 87 | -4 | -73 | -4 | 44 | |
| USN | | | 12 | | 148 | | 1 073 | 13 | 1 303 | 20 | 637 | | | | -10 | | -3 | | 108 | 6 | -136 | 17 | 84 | |
| UiT | 19 | 125 | 86 | 43 | 185 | | 526 | 137 | 963 | 106 | 526 | | 9 | 3 | 8 | 4 | -24 | | -74 | 9 | -29 | -3 | 10 | |
| AHO | | | 46 | 79 | | | | | | | | | | | 2 | 24 | | | | | | | | |
| HiM | | | | | | | 115 | | 158 | | 154 | | | | | | | | 19 | | 14 | | 12 | |
| NHH | | | | | | | 776 | | | | 378 | | | | | | | | 14 | | | | 13 | |
| NIH | | | | | | | 130 | | 131 | | | | | | | | | | -17 | | 4 | | | |
| NMH | | | 142 | | | | 24 | | | | | | | | -34 | | | | -2 | | | | | |
| HINN | 100 | | 43 | | 48 | | 563 | 10 | 626 | | 858 | | 44 | | 25 | | -13 | | 24 | 10 | -66 | | 22 | |
| HVL | | | | | 30 | | 1 193 | | 1 682 | | 427 | | | | | | 17 | | 132 | | -133 | | 23 | |
| HiVo | | | 9 | | | | 204 | | 335 | | 114 | | | | 1 | | | | 1 | | 124 | | 18 | |
| HiØ | 19 | | | | 10 | | 338 | | 547 | | 222 | | 18 | | | | 2 | | 16 | | 12 | | 19 | |

| | Datagrunnlag for 2020-utteljing | | | | | | | | | | | | Endring frå foregåande år | | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | A | | B | | C | | D | | E | | F | | A | | B | | C | | D | | E | | F | |
| **Inst.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** | **E.** | **D.** |
| SH | | | | | | | 7 | | 5 | | 7 | | | | -1 | | | | -4 | | 4 | | 4 | |
| BI | | | | | | | 1 041 | | | | 2 646 | | | | | | | | 110 | | | | 356 | |
| MF | | | | | 2 | 10 | 67 | 9 | | | 66 | | | | | | -8 | -2 | -7 | 3 | | | 12 | |
| VID | | | | | 3 | | 259 | 1 | 579 | | 128 | | | | | | -2 | | 45 | | 70 | | 6 | |
| ATH | | | | | | | 10 | | | | 38 | | | | | | | | 10 | | | | 2 | |
| BD | | | 24 | | | | | | | | | | | | 13 | | | | | | | | | |
| BAS | | | 4 | 29 | | | | | | | | | | | 4 | -1 | | | | | | | | |
| DMMH | | | | | | | 13 | | 229 | | | | | | | | | | 13 | | -3 | | | |
| FIH | | | | | | | 8 | | | | 12 | | | | | | | | 3 | | | | -2 | |
| HLB | | | | | | | | | | | 7 | | | | | | | | | | | | 7 | |
| HLT | | | | | | | | | | | 45 | | | | | | | | | | | | 2 | |
| HK | | | 58 | | 30 | | 251 | | 353 | | 835 | | | | -17 | | 1 | | 58 | | 14 | | 62 | |
| LDH | | | | | | | 83 | | 199 | | | | | | | | | | 29 | | 20 | | | |
| NLA | | | 9 | | | | 115 | | 83 | | 121 | | | | 1 | | | | -2 | | -26 | | 2 | |
| STH | | | | | | | 7 | | 18 | | 4 | | | | | | | | -9 | | -11 | | -1 | |

Nedanfor er ei oversikt over datagrunnlaget som inngår i berekning av utteljing for utvekslingsstudentar og doktorgradskandidatar i statsbudsjettet for 2020. Tabellen viser tal på inn- og utreisande utvekslingsstudentar og tal på utreisande studentar på Erasmus+-programmet for 2018, og tal på doktorgradskandidatar (inkludert kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid (PKU)) og samarbeidskandidatar for 2018 i doktorgradsindikatoren. I berekninga av resultatbasert utteljing for doktorgradskandidatar er samarbeidskandidatar avkorta med 0,8, medan dei faktiske tala er presentert i denne tabellen. Ikkje alle institusjonane deltek på begge indikatorane. Indikatorane som ikkje er relevante for ein institusjon er derfor markert med IR (ikkje relevant).

*Tal på studentutveksling og doktorgradskandidatar 2018*

| | **Datagrunnlag for 2020-utteljing** | | | | **Endring frå foregåande år** | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Utveksling** | | **Doktorgrads-kandidatar** | | **Utveksling** | | **Doktorgrads-kandidatar** | |
| **Inst.** | **Inn- og utreisande studentar** | **Utreisande studentar på Erasmus+** | **Dr.grad (inkl. PKU)** | **Samarb.** | **Inn- og utreisande studentar** | **Utreisande studentar på Erasmus+** | **Dr.grad (inkl. PKU)** | **Samarb.** |
| NU | 205 | 26 | 30 | 5 | -2 | | 15 | 2 |
| NMBU | 316 | 82 | 87 | | -67 | 23 | -5 | |
| NTNU | 2 467 | 523 | 397 | 6 | 168 | 55 | 35 | 5 |
| OM | 593 | 107 | 36 | 10 | 26 | -3 | 21 | -7 |
| UiA | 682 | 119 | 37 | 3 | 72 | 17 | 11 | 2 |
| UiB | 1 667 | 286 | 226 | | 95 | 15 | 4 | |
| UiO | 2 018 | 418 | 468 | 1 | -34 | 75 | -25 | 1 |
| UiS | 452 | 111 | 50 | | -26 | 42 | 2 | |
| USN | 552 | 116 | 25 | 3 | 3 | 17 | 2 | -6 |
| UiT | 710 | 101 | 118 | 1 | 126 | 11 | | -3 |
| AHO | 64 | 29 | 2 | | 2 | 11 | -8 | |
| HiM | 76 | 7 | 4 | | -28 | 4 | -1 | -1 |
| NHH | 776 | 216 | 19 | | 78 | 15 | 7 | |
| NIH | 85 | 12 | 17 | | -32 | 5 | 5 | -1 |
| NMH | 23 | 24 | 3 | | 1 | 13 | -3 | |
| HINN | 357 | 75 | 18 | 5 | 16 | -11 | 9 | 1 |
| HVL | 525 | 91 | | 17 | -7 | 12 | | 5 |
| HiVo | 188 | 45 | | 5 | -26 | 10 | | 3 |
| HiØ | 188 | 13 | | 6 | 37 | 10 | | 3 |
| KHiO | IR | IR | | | IR | IR | | |
| SH | 3 | | | 1 | -5 | | | 1 |
| BI | 1014 | 213 | 15 | | 63 | -1 | 1 | |
| MF | 14 | 2 | 8 | | -13 | | 2 | |
| VID | 133 | 16 | 4 | 2 | 5 | -12 | -1 | -1 |
| ATH | 1 | | | | | | | |
| BD | 2 | | IR | IR | -2 | -1 | IR | IR |
| BAS | 27 | 8 | IR | IR | 5 | 2 | IR | IR |
| DMMH | 26 | 12 | | 3 | -27 | 3 | - | 1 |
| FIH | | | | | -1 | | | -1 |

| Inst. | Datagrunnlag for 2020-utteljing | | | | Endring frå foregåande år | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Utveksling | | Doktorgrads-kandidatar | | Utveksling | | Doktorgrads-kandidatar | |
| | Inn- og utreisande studentar | Utreisande studentar på Erasmus+ | Dr.grad (inkl. PKU) | Samarb. | Inn- og utreisande studentar | Utreisande studentar på Erasmus+ | Dr.grad (inkl. PKU) | Samarb. |
| HLB | | | | | | | | |
| HLT | | | | | | | | |
| HK | 30 | 33 | | 2 | -52 | 13 | | 2 |
| LDH | 30 | 3 | | 1 | -3 | -1 | | |
| NLA | 28 | 2 | | | 12 | 1 | | -1 |
| STH | | | | | | | | |

### 4.4.2 Datagrunnlag for indikatorar med lukka budsjettramme

Tabellen nedanfor viser dei resultata som institusjonane enkeltvis har oppnådd per indikator med lukka ramme. Tal frå 2018 er nytta som grunnlag for statsbudsjettet i 2020. I datagrunnlaget i tabellen er tala oppgitte i heile beløp, medan dei i berekning av utteljing er oppgitte i 1 000 kroner. Ikkje alle institusjonane deltek på alle indikatorane. Indikatorane som ikkje er relevante for ein institusjon er derfor markert med IR (ikkje relevant).

*Tal på publiseringspoeng, midlar frå EU, midlar frå Noregs forskingsråd (NFR) og regionale forskingsfond og bidrags- og oppdragsinntekter 2018*

| | Datagrunnlag for 2020-utteljing | | | | | | | | Endring frå foregåande år | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Publiserings-poeng | | Midlar frå EU | | Midlar frå NFR og regionale forskingsfond | | Bidrags- og oppdragsinntekter | | Publiserings-poeng | | Midlar frå EU | | Midlar frå NFR og regionale forskingsfond | | Bidrags- og oppdragsinntekter | |
| **Inst.** | **Poeng** | **Del av total** | **Midlar** | **Del av total** | **Midlar** | **Del av total** | **Midlar** | **Del av total** | **Poeng** | **Del av total (pp.)** | **Midlar** | **Del av total (pp.)** | **Midlar** | **Del av total (pp.)** | **Midlar** | **Del av total (pp.)** |
| NU | 529 | 2,01 % | 7 950 527 | 1,31 % | 25 842 418 | 0,76 % | 84 721 107 | 2,65 % | 146 | 0,46 | 4 049 068 | 0,62 | 17 492 | -0,02 | -12 332 256 | -0,56 |
| NMBU | 1 013 | 3,86 % | 34 201 746 | 5,65 % | 238 480 941 | 7,02 % | 160 644 393 | 5,02 % | -65 | -0,50 | 5 047 408 | 0,49 | -1 125 318 | -0,19 | 5 284 734 | -0,12 |
| NTNU | 5 647 | 21,51 % | 209 418 000 | 34,58 % | 1 067 382 000 | 31,43 % | 840 725 000 | 26,27 % | 462 | 0,52 | 34 971 000 | 3,71 | 40 661 000 | 0,53 | 68 840 000 | 0,76 |
| OM | 1 077 | 4,10 % | 17 297 677 | 2,86 % | 95 905 466 | 2,82 % | 212 547 872 | 6,64 % | 117 | 0,22 | -14 853 | -0,21 | 1 837 057 | -0,01 | 22 754 534 | 0,37 |
| UiA | 793 | 3,02 % | 7 005 861 | 1,16 % | 57 112 736 | 1,68 % | 89 595 841 | 2,80 % | -9 | -0,22 | -4 307 049 | -0,84 | 5 992 816 | 0,14 | -12 570 958 | -0,58 |
| UiB | 3 437 | 13,10 % | 105 796 814 | 17,47 % | 466 032 834 | 13,72 % | 285 918 766 | 8,94 % | 291 | 0,36 | 1 779 794 | -0,93 | 20 463 225 | 0,31 | 8 468 311 | -0,24 |
| UiO | 6 746 | 25,70 % | 158 346 000 | 26,14 % | 918 917 000 | 27,06 % | 491 629 000 | 15,36 % | 321 | -0,31 | -223 000 | -1,91 | -41 549 000 | -1,85 | 11 665 000 | -0,50 |
| UiS | 1 138 | 4,33 % | 11 122 768 | 1,84 % | 62 357 688 | 1,84 % | 96 598 993 | 3,02 % | 117 | 0,20 | -1 089 122 | -0,32 | 2 563 418 | 0,04 | 4 807 063 | -0,02 |
| USN | 701 | 2,67 % | 7 172 298 | 1,18 % | 49 186 769 | 1,45 % | 125 061 946 | 3,91 % | -11 | -0,21 | 1 472 920 | 0,18 | 1 411 966 | 0,01 | 37 666 187 | 1,02 |
| UiT | 2 049 | 7,81 % | 26 546 330 | 4,38 % | 267 371 923 | 7,87 % | 322 347 394 | 10,07 % | 37 | -0,34 | -7 906 876 | -1,71 | 30 859 605 | 0,76 | 37 166 778 | 0,65 |
| HiM | 125 | 0,47 % | 483 000 | 0,08 % | 3 674 000 | 0,11 % | 8 675 000 | 0,27 % | 18 | 0,04 | -79 000 | -0,02 | 569 000 | 0,01 | 2 307 000 | 0,06 |
| NHH | 249 | 0,95 % | 4 594 990 | 0,76 % | 33 728 868 | 0,99 % | 29 755 807 | 0,93 % | -61 | -0,30 | 3 161 219 | 0,51 | 7 848 244 | 0,21 | 3 592 112 | 0,06 |
| NIH | 258 | 0,98 % | 1 248 147 | 0,21 % | 3 054 493 | 0,09 % | 24 189 677 | 0,76 % | -21 | -0,15 | -1 453 169 | -0,27 | 2 252 106 | 0,07 | -5 482 845 | -0,22 |
| HINN | 384 | 1,46 % | 5 205 249 | 0,86 % | 20 477 964 | 0,60 % | 125 580 226 | 3,92 % | -5 | -0,11 | 3 757 406 | 0,60 | 681 018 | 0,01 | 6 892 027 | 0,00 |
| HVL | 602 | 2,30 % | 3 218 285 | 0,53 % | 46 619 902 | 1,37 % | 103 953 746 | 3,25 % | 31 | -0,02 | 154 285 | -0,01 | -202 098 | -0,04 | -11 051 254 | -0,55 |
| HiVo | 97 | 0,37 % | 249 000 | 0,04 % | 2 729 000 | 0,08 % | 21 831 000 | 0,68 % | -12 | -0,07 | -43 000 | -0,01 | 311 000 | 0,01 | 935 000 | -0,01 |
| HiØ | 195 | 0,74 % | 3 278 957 | 0,54 % | 6 039 303 | 0,18 % | 29 472 100 | 0,92 % | 19 | 0,03 | 1 606 743 | 0,25 | -1 604 439 | -0,05 | 448 177 | -0,04 |

| | Datagrunnlag for 2020-utteljing | | | | | | | | Endring frå foregåande år | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | Publiserings-poeng | | Midlar frå EU | | Midlar frå NFR og regionale forskingsfond | | Bidrags- og oppdragsinntekter | | Publiserings-poeng | | Midlar frå EU | | Midlar frå NFR og regionale forskingsfond | | Bidrags- og oppdragsinntekter | |
| **Inst.** | **Poeng** | **Del av total** | **Midlar** | **Del av total** | **Midlar** | **Del av total** | **Midlar** | **Del av total** | **Poeng** | **Del av total (pp.)** | **Midlar** | **Del av total (pp.)** | **Midlar** | **Del av total (pp.)** | **Midlar** | **Del av total (pp.)** |
| SH | 21 | 0,08 % | 531 742 | 0,09 % | 3 872 092 | 0,11 % | 12 132 164 | 0,38 % | -1 | -0,01 | 184 659 | 0,03 | -1 452 429 | -0,05 | 1 664 944 | 0,03 |
| BI | 451 | 1,72 % | 939 972 | 0,16 % | 14 501 732 | 0,43 % | 106 023 441 | 3,31 % | 32 | 0,02 | -853 433 | -0,16 | 2 673 235 | 0,07 | 980 523 | -0,16 |
| MF | 160 | 0,61 % | 260 221 | 0,04 % | 4 709 674 | 0,14 % | 2 767 622 | 0,09 % | 16 | 0,03 | 194 030 | 0,03 | -555 813 | -0,02 | -611 042 | -0,03 |
| VID | 204 | 0,78 % | 778 000 | 0,13 % | 7 304 000 | 0,22 % | 24 592 000 | 0,77 % | 53 | 0,16 | 6 000 | -0,01 | 541 573 | 0,01 | 3 416 000 | 0,07 |
| ATH | 9 | 0,03 % | IR | | IR | | IR | | -12 | -0,05 | IR | | IR | | IR | |
| DMMH | 56 | 0,21 % | IR | | IR | | IR | | 5 | 0,01 | IR | | IR | | IR | |
| FIH | 18 | 0,07 % | IR | | IR | | IR | | 3 | 0,01 | IR | | IR | | IR | |
| HLB | 1 | 0,00 % | IR | | IR | | IR | | 1 | 0,00 | IR | | IR | | IR | |
| HLT | 14 | 0,05 % | IR | | IR | | IR | | 7 | 0,03 | IR | | IR | | IR | |
| HK | 170 | 0,65 % | - | 0,00 % | 900 384 | 0,03 % | 1 144 093 | 0,04 % | 40 | 0,12 | - | 0,00 | 850 384 | 0,03 | 139 093 | 0,00 |
| LDH | 32 | 0,12 % | IR | | IR | | IR | | 5 | 0,01 | IR | | IR | | IR | |
| NLA | 65 | 0,25 % | IR | | IR | | IR | | 15 | 0,05 | IR | | IR | | IR | |
| STH | 6 | 0,02 % | IR | | IR | | IR | | 6 | 0,02 | IR | | IR | | IR | |

Utgjeve av:
Kunnskapsdepartementet

Offentlege institusjonar kan tinge fleire eksemplar frå:
Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 222 40 000

Publikasjonskode: F-4259/20

Internett: http://www.regjeringen.no/orientering_statsbudsjettet_uh

Trykk:
Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon - 09/2019

MILJØMERKET
2041 0446
Trykksak